

Utgjeve av Jølster Mållag

1999 – 16. ÅRG.

Fridomsklokker

Chimes of freedom - Bob Dylan

Det var etter soleglad, men før midnattsslaget slo
Eit torebrak i det vi stupte gjennom døra.
Malmtunge klokker slo med skuggar i kvar lyd.
Det bøyrdet ut som fridomsklokker ringde.
Ein klemt for alle krigarar, som ikkje skaut og drap.
Ein klemt for alle flyktingar, som rømde utan mat.
Og for alle dei soldatane, som kvar natt leid sitt tap.
Og vi stirde opp då fridomsklokker ringde.

Midt i byens smeltedigel stod vi brått og såg
at veggene kraup mot oss og vi dukka.
Eit ekko i frå bryllupsklokker rett før regnet kom
dreiv saman med lydane i lufta.
Ringde for rebellen, og han som gjorde det så bra.
Ringde for forlatne, dei som ingen ville ha.
Ringde for dei utstøyte, som dei på bålet la.
Og vi stirde opp då fridomsklokker ringde.


Hagla kom i ville kast og bamra på vårt tak
og bimmelske dikt braut ut i naken undring.
Som lyden frå ei kyrkjeklokke flaut dei stille vekke
og alt var berre toreskrall og lynglimt,
som slo for alle snille, dei med venleg band,
som slo for dei som vakta tankane si strand
og målarer som ingen enno skjøna i vårt land.
Og vi stirde opp då fridomsklokker ringde.

I den bøgtdsstemde kvelden grov regnet fram kvar løgn
og dei ansiktslause stod alt utan klede.
Det ringde for dei tungene som ingen bøyrdet på,
men som alle venta var der når det trengdest.
Ringde for kvar blind og døv og dei som mangla trøyst.
Ringde for dei misbandla, åleine utan trøyst.
For -kjeltringar- som vart jaga endå saka alt var løyst.
Og vi stirde opp då fridomsklokker ringde.

Om det lysna litt bak skyene langt i aust ein stad
og den tunge, våte skodda byrja lette.
Kom lynn nett som piler, som var skotne ut for det
som var dømde til liv i drift eller bak stengsel.
Ringde for dei søkjande som gjekk der utan ord,
for dei einsame elskande som gjekk i eigne spor.
Og for kvar uskuldig fange som vart fengsla på vår jord.
Og vi stirde opp då fridomsklokker ringde.

Eg minnest at vi sat med smil og stjernefylte blikk,
og måtte innsjå det at tida var 'kje inne.
Vi bøyrdet og vi såg for aller siste gong
sat trollbundne til ringinga var over.
Ringing for dei lidande med sår som ikkje gror.
For alle som vert misbrukte og dei forvirra ber på jord
og for alle som vert benretta i både sør og nord.
Og vi stirde opp då fridomsklokker ringde.

Omsett/attdikta av Connie Hamre og Sten Uno Rambøl



Kvifor treng vi Jølster mållag?

Mållagsmedlemmer får ofte dette spørsmålet, og ikkje sjeldan med ei grunngjeving om at; ber i Jølster skriv mesteparten nynorsk og snakkar dialekt.

Svaret er likevel ikkje så enkelt. La med derfor punktvis nemne nokre grunnar for at vi treng mållaget:

- 1: Som privatperson kan det ofte vere både nyttig og kjekt å snakke med andre målfolk om korleis ein skal ordlegge seg. Dette gjeld både munnleg og skriftleg. Vi får alle mange dokumenter frå offentlege etatar. Dokumenta er svært ofte på bokmål. Dersom ein vender seg til mållaget, kan laget ta dette opp med rette instans. 200 har nå eingong større gjennomslag enn 2.
- 2: Forretningane i Jølster er som oftast svært lojale mot nynorsk. Dei er likevel utsett for eit hardt press, når ein tenkjer på annonser. Jølster mållag kan hjelpe forretningane ved å ta saka opp.
- 3: Skular og offentlege barnebagar i Jølster skal administrerast på nynorsk. Mållaget kan hjelpe til med å skaffe songar og anna lesestoff på nynorsk.
- 4: Kommunale etatar i Jølster skal, utan unntak, bruke nonorsk. Dette skjer ikkje alltid. Mållaget kan peike på dette. Men ber som ellers gjeld same regel; di fleire ein er, di større påverknad har ein.
- 5: La meg til slutt minne om at Jølster mållag står tilslutta Noregs mållag og di fleire medlemmer dette laget har, di større gjennomslag.

Jølster mållag gjev ut bladet «Jølst». I dette bladet kjem mykje lokalstoff ut, stoff som ellers aldri ville blitt prenta. I år, og ventelegvis til neste år og, vil vi leggje særleg vekt på utvandring frå Jølster. Her ligg allereide mykje forvitneleg stoff og ventar.

Så ei lita oppmoding til slutt: Dersom du veit om stoff, særleg om utvandring, så ta kontakt med redaksjonsnemnda i «Jølst».

J.Y.

Jølster mållag

Styret 1999
Magnar Juklestad, leiar
John Svidal, nestleiar
Norvald Nedrebø, kasserar
Elsa Norunn Håheim Nydal, skrivar
Steinar Veiteberg, styremedlem

Du er hjarteleg velkomen til å bli medlem i mållaget!

Medlemskontigenten er for tida kr. 200,-

Adressa er:
Jølster Mållag
Norvald Nedrebø
6841 Skei

Skrivenemnd
Sverre J. Befring
Jarl Yndestad
Olav Veiteberg
Magnar Juklestad

Av innbaldet:

	side
Elias Eide - 1900-1992.....	4
Utvandringa frå Jølster til Amerika.....	6
Frå Jølster.....	14
Rasmus Kviteberg.....	15
Fjellrosa.....	15
Oldeskaret og Strandavegen til Bergen	16
Fritenkjaren.....	18
Diktaren i Jølst i år.....	19
Familien Jølster i Buenos Aires	22
Sæle Morgon.....	25
Daniel Dvergsdal.....	26
Jølster Røde Kors.....	29
Strevsam tømmerstulder	30
6. klasse ved Vassenden skule	32
Barneside	33

Elias Eide – 1900-1992

Av Elsa Norunn Håheim Nydal

I år er det naturleg å trekkje fram ein kunstnar som dekkjer så å seie heile dette siste hundreåret med sitt liv. Det aller meste av hans produksjon er landskapsmåleri i olje, hovudsakeleg med motiv frå naturen i Jølster. I tillegg har svært mange av bileta attgjeve det fine, lettskya opphaldsværet, karakterisert med lite kontrastar i lysskildringa samt ein god del gråblending i fargane og ein delvis forenklande målemåte i middels breie penselstrok.

Han tok og ei mengde foto i svart/kvitt både frå høgtidsame stunder og ved andre høve for kvardagsmenneske i Jølster, særleg i midtre delen i dette hundreåret.

I dette intervjuet fortel Åsa Håheim om faren

Kva veit du om barnedomen og oppvekstvilkåra hans?

- Far var fødd 13. mai 1900 i Bjørsvik i Osterfjorden og døydd 19. februar 1992 i Jølster. Han var den eldste av seks syskjene. Far hans døydd då han var berre 11 år. Mora, som var jølstring, flytte då attende til Jølster. På Huusstranda voks borna opp, og sidan han var den eldste, følte han tidleg at han måtte vere med mora og ta ansvar for småsyskjene. Elles var han og mykje saman med bestefaren, - både i båten på fiske, i skogen og ute på bøen om sommaren. Han måtte nok tidleg lære seg å arbeide, for oppvekstvilkåra var tronge. Då han vart vaksen, prøvde han seg som vegarbeidar, men han fann fort ut at dette ikkje var arbeid som høvde for han.

Kva slags utdanning hadde han innan kunstmåling?

- Han tok tidleg til å teikne og måle, og då Nikolai Astrup heldt målarkurs, vart han med der. Astrup sa at han var den mest lovande eleven han hadde hatt. Dette tykte han var oppmuntrande, og heldt fram

med å måle. Då han seinare gifte seg og fekk familie, tok han og til som fotograf, men innan det faget var han nok sjølvlerd. Dette vart ei tilleggsnæring som han heldt på med i mange år innan heimkommunen.

Fotograferinga ja, mange av oss som voks opp i femti- og sekstiåra, hugsar nok at Eide'n, som vi sa i daglegtale, kom køyrande til tuns på motorsykkel for



Elias Eide saman med kona, Borgbild og dottersonen Arne Håheim.

å fotografere i høve både barnedåp og konfirmasjon. Heimebryllaup var heller ikkje uvanleg i dei dagar. Då vart dei store gruppebileta tekne. Det hende og han vart tilkalla i samband med gravferd. Ungane tykte nesten det var noko mystisk med det trebeina fotostativet og den svarte duken han la over hovudet sitt like før «det store knipset» som eviggjorde spente og i ulik grad, smilande andlet. Då, som no, er nok mange glade for desse glimta inn i dei heimlege feststunder som mange av fotoa til Eide dokumenterer.

Kunstmåling kombinert med fotografering, var dette einaste levebrødet for han og familien?

- Fram gjennom åra dreiv han med så ymse i tillegg til måling og fotografering, angorakaninar, kyllingoppdrett og høns. Ei tid reiste han rundt i bygda og synte film, men då bygdekinoen kom, vart det slutt med dette. Etter som åra gjekk, slutta han med fotograferinga. I staden tok han til med innråming av bilete, noko han heldt på med i fleire år.

På spørsmål om kor stor målarproduksjon han hadde, svarar Åsa at det var måle han likte best å gjere, men produksjonen varierte nok frå tid til anna. Sidan han var glad i naturen, ynskte han å attgje denne i bileta sine og såg på seg sjølv som ein naturalistisk målar. Motiva fann han for det meste rundt om i bygda. Han gjekk mykje til dals og til fjells. Der fann han mange motiv, mellom anna i stølstun. Han måla og litt frå nabokommunane. Ho fortel vidare at han og måla ein del interiørbilete i olje, særleg lika han stemninga i gamle loft. På kurset som Astrup hadde, laga han og nokre kolteikningar. Og sidan det var Astrup han hadde hatt som kursleiar, var det nok han som påverka han mest og som også vart det viktigaste, kunstnarlege førebiletet hans. Åsa held det likevel truleg at også ein annan kjend vestlandskunstnar, Bernt Tunold, har hatt litt å seie for utviklinga hans. Portrett derimot har han ikkje laga mange av, men dei finst.

Eit oljemåleri i stova til Åsa, skil seg ut frå det eg har sett av Eide sin produksjon til no. Det er måla i 1938 og syner eit fjellmotiv. «Det er frå Isvassbotnen,» seier Åsa. «Truleg er dette mellom dei beste bileta han har måla». Ved nærare ettersyn ser eg at biletet er måla på oppspent lerret på finérplate i liggjande format, (62,5 , 46,5) cm.. Stemninga i biletet er fengslande. Det liksom kling ei still stille over den vesle fjelltjørna som speglar snøflekke i ein grållilla fjellrygg attanfor, og med ei opplett gråværsstemning i gjennomskinleg dagslys. Truleg er biletet måla på føresommaren når bygda har vorte fullgrøn. Fjellheimen kan på dei tider ha mykje av dei grållilla tidlegvårsfargane i seg samstundes som irrgroent gras kjempar seg mot lys i revner og skorter. Biletet er utført med både smale og litt breiare penslar. Deler av lerretet er umåla eller skin gjennom fargen, noko som gjev biletet eit litt uferdig ferdiginntrykk på nært hald, - uferdig ferdig slik våren i det er. - Biletet krev å bli sett i godt lys samt ein del avstand.

Korleis vart bileta omsette, var det på utstillingar eller vart dei selde til private i nærmiljøet?

- Han hadde ikkje mange utstillingar, men på Sandane var ei forretning som omsette bilete for han. Elles var det feriefolk, utflytte jølstringar og folk rundt omkring som kjøpte bileta. Dei fekk kjøpe bileta billeg, truleg for billeg som oftast. Han var ein smålåten mann som trudde folk ikkje hadde råd å kjøpe bileta dersom dei var dyre.

Eit anna oljemåleri som Åsa viser meg, er frå Heggheimsstølen i Jølster. Det er måla etter at Eide tok til å aldrast, ein gong etter 1970. Biletet syner ein noko

disig høgsommarsdag som slepper solskin frå klårflakkshimmel mellom lette skyer ned på stølsbygningar og beitande kyr. Ei elv renn ut av biletflata i framgrunnen. Også her har han nytta til dels grove penselstrok. Biletet har liggjande format, (70 , 57)cm., og er oppspent lerret på huntonittplate

Han måla dette motivet svært mange gonger etter oppmoding frå bygdefolk.

Kva slags årstid/er var han mest oppteken av å skildre i landskapsmåleria sine?

- Han var mest oppteken av å skildre hausten - utan at han la noko symbolikk i det. Då var fargespelet størst. Men han måla frå alle årstidene. Han lika best å vere ute slik at motiva vart måla direkte etter naturen. Han fotograferte og mange lysbilete som han nytta som førebilete for måleri vintersdagane eller når det var dårleg vèr.

Han nytta altså lysbilete som førearbeid til måleria sine, særleg på sine eldre dagar.

Vidare nytta han same motivet fleire gonger slik at det finst mange døme på fleire nesten-like bilete. Årsaka til dette var som oftast at einskilde såg eit bilete som fall i smak og bad han om å måle eit liknande til dei og. Underleg er det likevel at ingen av måleria har tittel. Mange vantar også årstal ved sida av signaturen. Kvifor han gjorde det slik, er ukjent, men Åsa fortel at han etter som åra gjekk, ofte arbeidde med fleire bilete samstundes. Det er difor lett å tenkje seg at han truleg tykte dei trong «kvild» i arbeidsprosessen slik at han sette dei til sides for ei tid, - og kanskje så seinare rett og slett gløymde å signere og datere.

Elias Eide hadde altså glede av målingsarbeid også i høg alder. Eit måleri som provar dette, har motiv frå Rognebakken i Paulen. Det heng i stova til Åsa og er laga så seint som i 1983, men Eide har nytta dette motivet i måleri tidlegare. Difor må nett dette sjåast på som ein variasjon av det opphavelege. Måleriet er rektangulært, (72,9 , 62,8)cm. og viser Rognebakketunet øvst i biletflata, samt det ville, bratte Paulslandskapet omkring. Den gamle Trondhjemske Postveg med steinbru over elva og grind over vegen er i framgrunnen. (Det må opplysast at vegen vart omlagd i 1959 og at steinbrua vart sterkt skadd av flaum nokre år seinare, lenge før 1983.) Biletet er mjukt utført med ein noko grov pensel på preparert huntonittplate, i tildels breie strok slik at smådetaljane fell bort og hovudsynsinntrykket blir noko forenkla. Også dette biletet viser gråværsstemninga som kan vere i Jølster. Haustdagen i ettermiddagslys er lettskya og med gulnande skog og saftiggrøn andregongshå i ljåslegne bakkar. Dette hågrøne er hovudfargen i biletet.

Dei fleste av Elias Eide sine måleri er no i privat eige og spreidde utover landet mellom menneske med tilknytning til Jølster. Han vart inga galleristjerne, diverre. Måleria hans har likevel ein plass i folkesjela i Jølster, - ofte uttrykt med ein god undertone i orda: «detta har Eide'n målt».

Utvandringa frå Jølster til Amerika

Av Stig Årdal

Amerikabrev

Den 3. mai 1864 la skuta "To venner" ut frå Bergen, med kurs for Quebec i Canada. Om bord var Johannes Olsen Ordal. Han var ein av 83 personar som i april 1864 reiste frå Jølster med tanke på å utvandre til Amerika. Quebec ligg ikkje så langt frå sør-aust grensa til Amerika, der han kom den 18. juni 1864.

På den tid kunne det vere ei dramatisk oppleving å krysse Atlanterhavet, noko som også kjem til uttrykk i brevet han sende heim etter at han var komen fram: "paa Reisen Døde der 3 barn men intet Fødes og det første bleve Begravet i Atlanterhavet og det var gjemehørende i Halingdal, det andet bleve ved siden av Floden begravet og det 3 i Qvebek hvor til vii kom den 18de Juni og Da havde vii veret i 6 Uger og 4 dage".

Frå Quebec gjekk turen vidare med jernbane og dampskip: "...og vii var omtrent 500 mand som et Damplokomotive trekte og med same gikk til en By som kaldes Adsonia og derfra til en stor stad som kaldes Milvake med Dampskib, og Det var ikkje fult 5 dage men det er over et Tusindmil engilske vest fra Qvebek...." Her tok han arbeid på jernbanen "og begynte lørdagen den 2de Juli for hvilke vi skal have 1 Dollar og kvart om dagen".

Brevet gir uttrykk for økonomiske vanskar utvandarane kunne møte. Samstundes skildrar han ein heilt annan standard på både kost og losji enn det han var van med i gamlandet: "derimot de som ikke havde noget å gjelpe sig med og kom her med famili var det ikke godt foreksempel når man skal leie et verelse maa man give 8 Dollar maaneden og 8 Dollar for en tønde qveite og en løs person maa betale kost og logi en hal dollar døgeret, men saa er det ikke simpel. Der findes ikke saa velsmagende retter paa noget bryllupsbord hjemme som vi faar i almindelighed".

Amerikabrev var ei sentral kjelde til det ein her heime viste om forholda på det nye kontinentet, og for mange som vurderte å reise var nok slike brev ein pådrivar for å ta det endelege steget. Det er ikkje vanskeleg å tenkje seg at avgjerda om å satse på ei framtid på eit framandt kontinent måtte vere svært vanskeleg. For dei som alt hadde reist, var det nok viktig å gje uttrykk for kor mykje betre det var i det nye landet. Truleg kunne slike skildringar gjere det lettare å ta den endelege avgjerda om å reise.

I 1865 er Johannes Olsen Ordal busett i Scandinavia, som ligg i den midtre delen av Wisconsin. Mange

frå følgjet til Johannes slo seg ned i dette området. Frå 1864 til 1875 var det minst 29 jølstringar som busette seg her.

I Scandinavia gifte Johannes seg med Brite Johannesdotter Myklebust, som også var med amerikafararane i 1864. Etter kvart busette dei seg ved Lake Johannah, Minnesota, saman fekk dei to born. I 1872 gifte han seg for andre gong, no med Siri Johannesdotter Feigum. Ho kom frå Luster. Dei fekk ingen born.

Utover dette har vi ikkje så mange opplysningar om Johannes. Det vi veit er at også brørne hans reiste til Amerika. Når dei kom fram reiste dei først til sin eldre bror, før dei etablerte seg som farmarar. Før vi kjem nærare inn på amerikareisa til Olsonbrørne, kan det vere av interesse å sjå nærare på utvandringa frå Norge totalt sett, og skissere opp nokre årsaksforhold rundt dette.

Utvandringa frå Norge

Som følge av sterkt minkande barnedøyingssprosent og generell nedgang i døyingssraten i befolkninga, opplevde Norge i løpet av 1800-talet eit sterkt aukande befolkningspress. Mellom 1801 og 1875 vart folkemengda dobla. I 1801 talte Norge 883 487 personar. I 1890 passerte folketalet to millionar, og rundt hundreårsskiftet var to og ein kvart million heimehøyrande i Norge.

Utvandringa til Amerika verka som ein ventil for folkepresset. Norge var blant landa i Europa som vart hardest råka av amerikafebera. I periodar var utvandringa så stor at folketalet faktisk gjekk attende. Berre Irland hadde fleire amerikafararar i høve til folketalet enn Norge. Mellom 1866 og 1910 utvandra om lag 60 % av befolkningsoverskotet. Toppåne i utvandringa skjedde i tre bolkar. Dei to første kom i periodane 1866 til 1873 og mellom 1880 og 1893. Den siste finn vi mellom 1900 og 1910.

Toppåne i utvandringa fall saman med konjunktursvingingane i Norge. Naturleg nok auka utvandringa når tidene heime var dårlege, noko som tyder på at det var rein materiell naud som var motoren i utvandringa. Den materielle stoda var sjølvstøtt ein viktig pådrivar, men årsakene kunne likevel vere meir samansette.

For det første må utvandringa sjåast i samanheng med eit meir omfattande innanlandsk flyttemønster. Norge var eit samfunn som i stor grad var tufta på jordbruk og fiske. Når ressurstilgangen var knapp, og

det til dømes var lite tilgang til jord, kunne det vere naudsynt å flytte for å finne nytt livsopphald. Dette kunne ta preg av eit fast mønster, der eit område kunne ta unna for befolkningspresset i andre regionar. Blant anna skapte ei aukande industrialisering meir behov for arbeidskraft. Mange reiste difor inn til næraste by for å finne livsgrunnlag der. Byane kunne difor ta unna for ein del av befolkningsoverskotet frå omkringliggjande regionar. Som framstillinga seinare kjem inn på, var det til dømes i Jølster frå byrjinga av 1700-talet etablert eit flyttemønster til ytre delar av Sunnfjord og bergensområdet, noko som verka som ein "ventil" for befolkningspresset.

Ein ser også at intensiteten i utvandringa stig når flyttinga til byane minkar, og omvendt. Det er fleire døme på at byar eller strok med preg av by i første omgang fanga opp ein potensiell utvandringstraum. Var det tilgang til arbeid, prøvde nok mange i første omgang lukka i byane. Om ikkje forventningane innfridde, eller om dårlege konjunkturar gjorde at det var lite tilbod om arbeid, kunne Amerika stå fram som eit meir reelt alternativ. I den seinare fasen av utvandringa viser det seg også at mange av utvandrarane frå byar, til dømes Bergen og Kristiania, tidlegare var innflyttarar frå bygdene. Dei tok såleis reisa til Amerika i fleire etappar. Hos mange var nok draumen om Amerika noko som måtte modnast over eit tid før det endelege steget vart teke. Behovet for å leggje seg opp midlar for å kome seg over Atlanterhavet var nok også medverkande til dette.

Det var heller ikkje dei som materielt sat dårlegast i det som først for ut. Spesielt i den første tida av utvandringa var det dei meir velstående på landsbygda som reiste. For dei aller fleste representerte ein amerikabillett ei formue. Dei som stod seg dårlegast, klarte difor ofte ikkje å skaffe midlar til ei Amerika-reise. For husmenn, tenarar og andre på botnen av den sosiale rangstigen, var det difor meir aktuelt med flytting innanfor landet sine grenser.

Reine materielle årsaker kan difor ikkje ha vore einrådande når den endelege avgjerda om å reise til Amerika vart teken. Det var dei meir velstående på landsbygda som hadde eit reelt val - eit alternativ kunne difor vere å slå seg ned i byane. Dette representerte likevel ei omlegging av livsstil som mange fann vanskeleg. Mange såg nok helst at dei kunne få halde fram med den livsstilen dei hadde med seg frå barnedomen av. Avgjerda om å reise til Amerika kan såleis også sjåast på som eit val tufta på konservative verdiar.

I tillegg stod det for mange klart at befolkningspresset kunne føre til større sosial lagdeling av samfunnet. Også her gjaldt den same erfaring som dei fleste samfunn alltid har gjort seg. Når tidene er tronge, og ressurstilgangen er knapp, er det dei som frå før står sterkast som kjem best frå det. Den neste delen av den sosiale rangstigen vil bli fylt opp av menneske som har lite økonomiske ressursar. Sjølv om den materielle stoda for mange etter den tids målestokk var god, kunne det nok herske ei frykt for kva vilkår barna ville møte i framtida.

Mønsteret i utvandringa kunne arte seg svært ulikt

sjølv innanfor avgrensa regionale områder.

Regionale skilnader

I Sogn og Fjordane var til dømes Sunnfjord og Nordfjord seinare ute med amerikafararar enn Sogn. Omfanget var også mindre. Frå 1839 til 1924 reiste om lag 30 000 personar frå Sogn, medan mellom 10 og 13 000 personar for ut frå Sunnfjord og Nordfjord. Mellom 1856 og 1865 utvandra ein større del av befolkninga frå Sogn og Fjordane enn frå andre delar av landet. Dei aller fleste av desse reiste frå Sogn. Det er også store skilnader i utvandringmønsteret mellom ytre og indre Sogn. Før 1865 utvandra mindre enn hundrede personar frå ytre Sogn. Mellom 1856 og 1860 utgjorde utvandringa frå Sogn heile 20 prosent av den totale utvandringa frå Norge.

Eit samfunn i endring

På denne tida var jordbruket hovudnæringa i Norge. Over ein million menneske høyrde på ein eller annan måte inn under primærnæringane. Rundt 1870 utgjorde bondenæringane om lag femti prosent av nasjonalinntekta. Men grensa for kva dei eksisterande driftsformene kunne klare av befolkningsauke, var nådd. Utviklinga gjorde at husmannsvesenet og tenarsystemet hadde ekspandert. Teigblandinga auka, og gardsbruka vart delt opp i fleire og fleire einingar.

Men i 1870-åra var det endringar på gang. I løpet av dei neste tiåra skulle Norge gjennomgå ein prosess som omforma heile samfunnet. På landsbygda skjedd dette i form av overgang frå produksjon som primært var retta mot sjølvberging, til meir vekt på overskotsproduksjon mynta for sal. Dette føresette ei teknologisering av drifta, noko som gjorde at den eksisterande bruks- og driftsstruktur vart endra. Den byrjande teknologiseringa av jordbruket gjorde at behovet for manuell arbeidskraft vart mindre. Husmannsvesenet og tenarskapet, som før tok unna for ein stor del av befolkningsoverskotet, vart difor meir og meir overflødig som leverandør av arbeidskraft. Den delen av befolkningsoverskotet som før vart absorbert av husmannsvesenet, måtte langt oftare no ut å sjå seg om etter andre måtar å overleve på. Eit av alternativa var då å søkje etter livsopphald i byane eller bynære strok.

Folkeauke og flytting til byane, samt ein gryande industrialisering gav større marknad for jordbruksprodukt. Industrien i byane måtte ha arbeidskraft, noko som var lett tilgjengeleg som følgje av tilflytting frå landsbygda. Behovet for landbruksprodukt i byane vart dermed større, ein avgjerande føresetnad for produksjon for sal. Landsbygda kunne nå ein større marknad som følgje av utbygging av jernbane og vegar. Til sjøs effektiviserte dampbåten varetransporten.

Endringane stilte nye krav til effektivitet i produksjonen. Opplysinga av den tradisjonelle bruksstrukturen som blant anna utskiftingane representerte, var ein av konsekvensane av dette. Teigblandinga, som var vanleg på Vestlandet, sette ein effektiv stoppar for teknologisering av jordbruket. Effektivisering av drifta

hadde som føresetnad at brukarane rådde over eit samanhengande areal, framfor å måtte forhalde seg til eit lappeteppje av teigar der han knapt kunne gjere noko utan å ta omsyn til dei andre teigeigarane.

Det må presiserast at innanfor det som vi karakteriserer som "bondesamfunnet i Norge", herska store regionale skilnader. Tilgang til sidenæringar gav premissane for den økonomiske organiseringa. I kyststroka kunne fiske for sal vere eit sentralt næringsgrunnlag. Jordbruket i seg sjølv kunne meir eller mindre framstå som ei binæring. Innlands- og fjellbygdene var for det meste tufta på fedrift. Dei beste jordbruksbygdene på Austlandet og i Trøndelagsområdet dyrka i hovudsak korn. Siktemålet var her ikkje berre sjølvforsyning, men også å få eit økonomisk overskot ved sal. Blandingsbruk var vanleg, og forholdet mellom dei ulike næringsgreinene kunne vere avgjerande for korleis endringane arta seg.

Tilgang til marknaden var viktig. Til dømes greip tanken om overskotsproduksjon tidlegare om seg i distrikt som låg nær byar eller tettbygde strok, og/eller som hadde tilgang på gode kommunikasjons- og/eller meir avsidesliggjande strok tok det naturleg nok lenger tid før endringane kom i gang.

På landsbygda vart befolkningspresset forsterka ved at behovet for arbeidskraft vart mindre som følgje av aukande mekanisering av jordbruket. Meir behov for arbeidskraft i byane som følgje av byrjande industrialisering tok unna for noko av befolkningspresset, men på langt nær alt. Rundt 1870 var rammene for kva det gamle systemet kunne absorbere av folkeauke sprengde. I ein slik situasjon verka utvandringa til Amerika som ein ventil som gjorde at Norge lettare kunne tilpasse seg dei endringane som var i gang. Utan utvandringa ville nok blant anna dei sosiale konsekvensane av befolkningspresset blitt vesentleg større enn det dei faktisk blei.

Jølster

Den første jølstring som er registrert utvandra til Amerika heitte Bendik Nilsen Fluge. Han var ein av 200 nordmenn som i 1836 var med to skip som segla frå Stavanger. Deretter er det ikkje registrert amerikafarar frå Jølster før i 1860-åra.

Det gjekk ikkje så bra med verken Bendik Nilsen Fluge eller dei fleste andre frå følgjet som reiste til Amerika. Mange vart råka av sjukdom, og mangel på startkapital gjorde at dei kom ut i store økonomiske vanskar. Så dårleg gjekk det at styresmaktene våren 1837 i delar av Vestlandet spreidde opprop som åtvare folk mot å utvandre.

Truleg døydde Bendik i Amerika etter få år. Bendik si amerikareise fekk ikkje nokon innverknad for



*Ole Olsen Ordahl
(1855-1918), utvandra 1875*



*Johanne Iversdtr Søgnesand
(1856-), gift med Ole Olsen
Ordahl*

seinare utvandring frå Jølster. Det er først i 1860-åra ei meir omfattande utvandring frå bygda tok til.

I heftet "A history of Two Norwegian Communities in Northeastern North-Dakota" kan vi følgje fleire emigrantar frå Jølster, kvar dei slo seg ned, og korleis dei skaffa seg livsutcome. Vi får også eit innblikk i korleis eit nytt lokalsamfunn vart etablert. Heftet inneheld blant anna ei detaljert oversikt over første generasjon jølstringar som kom til desse områda, samt oversikt over barn og barnebarn. Første del er skriva av P. J. Olson. Han var son av før omtala Samuel Olsen, som var blant dei første emigrantane frå Jølster. Samuel Olsen si amerikaferd kjem vi nærare inn på seinare i framstillinga.

På bakgrunn av blant anna opplysningane som går fram av dette heftet, vil vi nedanfor følgje nokon av dei første amerikafarane frå Jølster etter at dei kom til det nye kontinentet. Framstillinga vil også prøve å sjå utvandringa i lys av utviklingstrekk i Jølster fram mot midten av 1800-talet.

I slutten av artikkelen er det sett opp ei meir detaljert oversikt over kjeldegrunnlaget til framstillinga.

Draumen om Amerika

Johannes Olson Ordahl var ein av 83 jølstringar som reiste frå bygda i 1864. Dei var det første store følgjet som reiste frå Jølster. Etter den mislukka reisa til Bendik Nilsen Fluge, var det ikkje nokon som utvandra direkte frå Jølster før i 1862. Då reiste Bendik Mose- sen Sårheim og sonen hans, Moses. Bendik kom tilbake til Jølster så tidleg som våren 1863. Føremålet var truleg å hente resten av familien. Sonen var att i Lodi, Wisconsin. Det tok eitt år før Bendik fekk samla nok midlar til å reise ut på nytt. I mellomtida reiste han rundt som auksjonsvitne saman med lensmannen. Her kom han nok i kontakt med mange



*Ole Olsen
Ordabl
(1855-1918)
med familie*

som var interessert i å høyre kva erfaringar han hadde gjort seg i Amerika. På denne tida var bygda i djup økonomisk krise, og spørsmålet om å utvandre blei for mange meir og meir aktuelt.

Problema som følge av stort befolkningspress vart forsterka ved særskilde dårlege avlingar både i slutten av 1840-åra og i første halvpart av 60-åra. Dei materielle kára for folk flest vart mykje forverra. I følge lensmannen i bygda vart gjeldsbyrda i denne tida større på grunn av større behov for å kjøpe inn korn og andre naudsynte artiklar. "Endog jordeiere" måtte søkje hjelp hos fattigvesenet, og det har vore ein sterk auke i opptak av lån hos "sorenskriveriets overformynderie". Den tidlegare "gjevne formuesforfatning blant almuen" er sterkt redusert, og det er blitt mykje vanskelegare å drive inn skattar og avgifter. Det herskar ein generell pengemangel som hindrar næringsverksemd. Verdien av eigedom er redusert, og distriktet har gått økonomisk tilbake. I byrjinga av 1860-talet har det likevel vore til god hjelp at prisane på dei viktigaste eksportartiklane, smør og "fedet Qvæg", har vore gode, betre enn i nokon tidlegare periode. På same tid har prisen på innkjøpt korn vore låg, noko som dempar verknaden av dei dårlege avlingane.

Våren 1863 reiste Sjur Olsen Gjestdal saman med sin familie til Decorah i Iowa. Bendik Mosesen Sårheim og Sjur Olsen Gjestdal sine amerikareiser dannar såleis opptakta til den nærmast eksplosjonsarta utvandringa som skjedde i 1864. Dette året vart sju gardsbruk selt, og det vart omsett mykje lausøyre på auksjonar rundt om i bygda. Likevel var det ikkje alle i følgjet som sjølv klarte å skaffe nok midlar til å betale billetten for reisa. Fattigvesenet i Jølster ytte 80

dalarar som lån til ni av dei som reiste.

Sjølv om utvandringa var med å dempe befolkningspresset, uttrykkjer lensmannen bekymring over utflyttinga. Han meiner den økonomiske stoda til dei første utvandrarane var slik at dei ikkje klarte seg sjølv. For bygda var det såleis ein fordel at dei for ut. Likevel skriv han at det vil vere skadeleg om utvandringa heldt fram og såleis tappar distriktet for ressursar.

Folketalutvikling og bruksstruktur

Utvandringa har nær samanheng med ressurstilgangen i bygda. For å danne seg eit bilete av dèt, kan det i første omgang vere av interesse å sjå på utviklinga i folketalet.

Frå slutten av 1600-talet og gjennom det meste av 1700-talet var folketalet i Jølster prega av små variasjonar, men med ein noko avtakande tendens. I 1665 hadde Jølster eit folketal på 1660, medan det i 1769 var registrert 1512 personar i bygda. Frå 1769 til 1801 auka folkemengda frå 1512 til 1811. Denne tendensen vart forsterka i første halvpart av 1800-talet – i perioden voks talet på innbyggjarar med vel 43 %. Den sterkast folketilveksten i snitt pr. år kom frå 1815 til 1845. Etter det stabiliserar vekstkurva seg, sjølv om det er ein svak auke fram til 1855. Folketalet i 1900 ligg 10 % over nivået i 1855. Det meste av denne auken kom i tidsrommet 1875 til 1891. Frå 1855 til 1875 held folketalet seg på omlag same nivå, og er i underkant av 2600.

Jølster må karakteriserast som ei fjellbygd, og naturen sette klare grenser for nyrydding. Det kan sjå ut til at det i siste halvpart av 1600-talet var kome til ei grense for kor mange bruk som det med den tids drift



Johannes Knutsen Slåtten med kone Ingeborg Bendiksdtr og borna Knut, Brite, Marte, Kristen og Bertel

kunne ryddast plass til. I 1667 var det 4,5 bruk pr. namnegard. Dette ligg mykje over det som var vanleg elles i Sunnfjord. Her låg bruksdelinga på mellom 2,1 og 2,6.

Talet på gardsbruk var ved byrjinga av 1800-talet mykje det same som i dei første to tiåra av 1700-talet. Det kan difor sjå ut til at det alt frå inngangen til 1700-talet var etablert ein skjør balanse mellom folketal og tilgang til levebrød. Under slike omstende er det ikkje mykje som skal til før forholdet mellom folkesetnad og næringsgrunnlag vert skipla, noko som også vil få konsekvensar for den sosiale struktur. Ein folkeauke på over 40 % i første halvpart av 1800-talet, det meste av denne kom etter 1815, må difor ha vore svært dramatisk. Eit døme frå 1844 kan illustrere dette:

Rasmus Jespersen Flatjord, fd. 1790, hadde i mange år vore forpaktar i Jølster, men stod i 1840-åra utan arbeid. I eit notat i rekneskapsprotokollen til fattigvesenet i bygda får vi vite:

Aar 1844 d. 16 April var Aalbius hovedsogns Fattigbestyrelse forsamlet på Aalbius Præstegaard, og fattedes da den Beslutning at der af hver Mand i Nævnte Sogn skulle udredes 1 ort og 8 sk. en gang for alle til Manden Axel Pedersen Kleiven av Kinds præstegjeld, der har skaffet den fattige heraf Sognets Rasmus Jespers. Flatjord Bopæl i sidstnevnte Præstegjeld og saaledes befriet Sognet for en saare tryk-kende Byrde."

At ein faktisk vart premiært for å få folk til å flytte ut av bygda, må seie noko om konsekvensane av folkeauken. Ressursane må ha vore så pressa at sjansane for den enkelte til å skaffe seg livsopphald i bygda var svært avgrensa.

Tidlegare flyttemønster

Gjennom det meste av 1700-talet var det store fødsels-overskot i Jølster, dette til trass for at folketalet i

perioden bar preg av stabilitet. Dei som ikkje hadde høve til å skaffe eit bruk, eller måtte ta over bruk med marginale driftstilhøve, valte i stor grad å flytte ut. Ein reknar at det meste av overskotet, rundt 1400, reiste ut av bygda. Halvparten busette seg langs fjordane og kysten i Sunnfjord. Dei andre drog til Bergen og dei nærliggjande bygdene rundt byen. Utflyttingane gjorde at folkepresset var under kontroll, slik at det ikkje i nokon grad var grunnlag for sosial lagdeling.

Før inngangen til 1800-talet var husmannsvesenet lite utbredt i Jølster.

Å flytte til ein ny stad for å skaffe seg livsutcome var såleis ikkje noko nytt. Det nye ved midten av 1800-talet var at dårlege økonomiske tider gjorde at denne "ventilen" for befolkningspresset forsvann. Konjunkturanane gjorde at folk fekk få alternativ

til livsutcome utanfor bygda. Det er i denne perioden at husmannsvesenet i bygda slo om seg. Folk måtte no i større grad ta til takke med ein "plass" i Jølster, framfor å skaffe seg livsopphald utanfor bygda.

Oppgåvene over husmenn strekar under utviklinga som er skissert. I 1801 var det registrert 29 husmenn i bygda, medan talet i 1845 var 103. Etter dette flatar vekstkurva ut, sjølv om talet veks også fram mot 1875. Denne tendensen står i høve til utviklinga i folketal. Denne viser ein sterk auke i første halvpart av 1800-talet, for deretter å liggje på omlag same nivå fram mot 1875. Talet på bruk aukar også i perioden, men vekstkurva er på langt nær så bratt. Når det ikkje lenger var grunnlag for ytterlegare bruksdeling, og utflyttingsalternativa var redusert, vart befolkningsoverskotet kanalisert inn i husmannsklassen. På 1800-talet kan vi med andre ord sjå tendensar til ei sterkare sosial lagdeling.

Utvandringa frå Jølster

I perioden mellom 1860 og 1875 utvandra rundt 180 personar som var fødte i Jølster, mellom 1875 og 1900 var det 350 som braut opp, medan om lag 400 personar reiste til Amerika i åra mellom 1900 og 1925. Til liks med Johannes Olson Ordal, kom dei fleste jølstringane til Amerika gjennom Quebec

Reknar ein talet på utvandrarar i høve til folketal, ligg Jølster noko under landsgjennomsnittet. Dette må sjåast i samanheng med det tidlegare omtala regionale flyttemønsteret som var etablert i bygda. Alle hadde slektningar, eller kjente nokon, som tidlegare hadde flytta ut. Så lenge det var mogeleg, såg ein helst å kunne flytte til stadar som ein frå før av var kjent med. Først når dei tradisjonelle kanalane ikkje lenger kunne fange opp befolkningsoverskotet, stod utvandring til Amerika som eit reelt alternativ.

Sjølv om det i andre halvdel av 1800-talet og i



Johanne Hanson, fødd Hansdtr Veiteberg (fødd 1846, utvandra 1864). Fotografiet er frå ca. 1900 med born. Ho var enke etter Askel Hanson. Familien hadde først vore i Iowa, så i Franklin Co., Nebraska, til sist i Madison, South Dakota.

byrjinga av 1900-talet skjedde ei jamn utflytting, kom dei store toppane i utvandringa frå Jølster når det generelt var store økonomiske problem i Norge, rundt midten av 60-åra og byrjinga av 80-åra.

I Jølster var situasjonen i 1860-åra, som vi har sett, svært kritisk.

Av følgjet på 83 jølstringar som i april 1864 braut opp for å ta til på den lange turen til Amerika, slo ein stor del seg i første omgang ned ved Lodi, Wisconsin. Dei kom likevel før seint til å få god jord, og fekk tilbod om land som var i eit grenseland mellom prærie og sumpland. I alt 62 personar frå Jølster slo seg ned i dette området i perioden 1862 - 1875. Det var likevel ikkje mange av desse som slo rot. I 1880 var det berre 18 av dei som var att.

Mange slo seg òg ned i Scandinavia, Wisconsin. Som vi har sett kom også Johannes Olson Ordal til dette området i 1865. Landskapet var her meir variert enn på prærien, med åsar med eikeskog, elvar og innsjøar, men også med områder med god jord.

Ole og Samuel Olson Ordal

Det var vanleg at slektningar og kjende reiste etter når nokon først hadde teke det siste steget og vandra ut. Slik også med Johannes O. Ordal og hans familie. I 1875 følgde også brørne hans, Ole og Samuel, etter. Syster deira, Brita Olsen Ordal utvandra saman med mannen sin, Tollef Erikstad og 6 born i 1883. Dei var ein del av eit følgje på 42 jølstringar som det året reiste ut.

Etter dette var det berre ein av søskena som var att i Norge. Det var eldste broren som tok over garden. Også han heitte Ole Olsen Ordal. Grunnen til at to i same syskenflokket bar det same namnet var at eldste son først fekk namn etter sin far, Ole Johannesen. Ole Johannesen døydde av kolbrand i eit sår etter ei arbeidsulukke. Kona var då gravid, og tradisjonen tilsa at om det vart ein son, så skulle også han få namn etter far sin.

Ole og Samuel var blant nykommarane til Nord-Dakota som skulle vere med å leggje grunnen for eit nytt lokalsamfunn – Grafton. Dei reiste i første omgang til Johannes, som var busett ved Lake Johannah, Pope County, Minnesota. Då dei kom til Amerika droppa dei etternamnet Aardal, og tok namnet Olson. Bruken av doble etternamn, som var vanleg i Norge, vart ikkje halde fram med her. Ole Olson endra likevel etter nokon år namnet sitt til Ordahl på grunn av det at det i nabolaget var fleire med same namn.

Når nokon først reiste frå gamlelandet for å søkje eit nytt tilvære på det nye kontinentet, var det lettare for slektingar og kjende å følgje etter. Likevel, terskelen for å bryte opp frå det kjende for å reise til eit ukjent tilvære i eit land som dei ikkje i nokon grad hadde kunnskap om, måtte vere høg. Når dei først var komne til Amerika måtte dei heilt og fullt lite på seg sjølve. I framstillinga nedanfor vil vi følgje Ole og Samuel etter at dei kom til Amerika.

På veg mot sin nye heimstad

Etter at brørne Olson Ordal i 1875 kom til den eldre bror sin i Lake Johanna, Minnesota, reiste Samuel om våren 1877 til Red River Valley. Red River Valley ligg i grenseområdet mellom Minnesota og Nord-Dakota. Her kjøpte han eit stykke land med skog. Av dette hogg han ved for sal til ein dampbåt. I denne tida budde han hjå ein nabo til jordstykket han hadde kjøpt.

Etter ei stund reiste han mellombels tilbake til bror sin.

Ole Olsen var i mellomtida blitt verande att med Johannes, som no har skifta namn til John Olson. Etter kvart drog han til New London. Her arbeidde han med gardsarbeid i tillegg til frakt av post. Gjennom public school tileigna han seg i denne perioden eit grunnlag i engelsk. Dette fullførte han i 3 månadars periodar over to vintrar.



Anders Nilsen Nedrebø (1854-1923) og kone Marte Pedersdtr Myklebust, utvandra i 1881, busette i Delamere, Sargent Co., North Dakota

Våren 1878 slo han følge med Samuel, som no ville tilbake til Red River Valley. Erfaringane frå turen året før var så positive at han ville undersøkje forholda nærmare.

Til reisa kjøpte dei storfe, to par unge hestar og ei gamal vogn. Ole Olsen fortel:

"Det 6. mai, trur eg det var, la vi ut - Samuel på sin andre, men eg på min første tur til Red River Valley. Det vart ikkje nokon lett tur. Reiseruta vart truleg dobla mange gonger. Kveget var konstant svoltne, og dei var berre interesserte i å beite, så det gjekk tregt undervegs.

Det var mykje vatn i "Dalen" (Red River Valley) det året. Landområdet mellom Buffalo River og Moorhead låg beilt under vatn, i alle fall den delen som vi reiste gjennom. Myggen var noko nær uuthaldelig. Då vi forlet Buffalo River båpa vi på å nå Moorhead same kvelden. (Moorhead ligg i Minnesota, rett ved grensa til Nord-Dakota) Men det klarte vi ikkje, oksane var beilt utslitne, og når dei nådde fram til ein flekk som stakk opp av vatnet, kunne kørkje trugsmål eller godord få dei til å gå vidare. Dessutan hadde vi ikkje meir proviant, og det vart naud-

synt at ein av oss kom seg inn til byen for å skaffe noko å eta, medan den andre var igjen for å sjå etter dyra. Og det var visseleg inga lett oppgåve....."

".....Vi skunda på mot Grand Forks (Nord-Dakota) som var vårt første mål, vassande i vatn det meste av vegen. Vi blei der ei kort stund og selde det meste av kveget vårt og eitt av para med unge bestar. Her møtte vi to svenskar, naboar til vår tidlegare nemnde bror. Dei slutta seg til oss. I mellomtida ordna vi med mellombels plassering av det kveget som vi hadde att i ein buskap på staden. I bytte for gode lounader og litt kontant betaling fekk vi leige ei lett toseters vogn. Vi spente for dei to bestane vi hadde igjen, og vi fire la i veg nordover. Vi fylgde hovudruta, for her var det bruer over elvane langs vegen - truleg dei einaste i området. Vi heldt fram langs hovudruta beilt fram til Big Salt (Ei elv som i dag beiter Forest River) Herifrå tok vi den mest direkte ruta over prærien og nådde Little Salt på den staden der Oakwood no er.

Prærie og vatn var det alle stader. Men det var skogsfelta vi søkte. Vi såg ikkje på det som klokt å slå seg ned på desse endelausa præriane. Vi var redde for at dei ville halde fram med å vera ufruktbare i lang tid.

Då vi nådde elva, sette vi kursen vestover. Det var einskilde koier her og der. Vi kom til ei kote der nokre skandinavar losjerte. Vi overnatta her, og den følgjande morgonen heldt vi fram vestover. Koier, eller påbegynte koier støyte vi på alt i eitt i byrjinga. Men etter å ha køyrt ei stund hadde vi nok til slutt passert den siste av dei. Det var ikkje særleg innbydande her, men vi hadde reist så langt og var trøytt, så vi bestemte oss for å stoppe. Dei svenske reisefellane våre ville ikkje stoppe her. Dei likte ikkje jorda. Dei følte at ho var for ussel.

Vi nærma oss no slutten av mai. Vi drog tilbake til Grand Forks. Her samla vi kveget vårt, oksane og vogna og la ut igjen til den staden som skulle verte vår framtidige heim". (Grafton)

Våren 1879 fekk Olson-brørne ein ny nabo - Gunder Ericstad. Han var ein nabo frå Jølster som for heimanfrå i 1878, og skaffa seg jord som grensa opp til Samuel og Ole sine områder. Desse tre utgjorde grunnstammen i det som etter kvart skulle bli Grafton township (distrikt).

Som tidlegare nemnt var det vanleg at utvandrarane oppsøkte slekt og vener som hadde reist i førevegen. Det var også vanleg å gifte seg med heimbygdingar som utvandra. Slik heldt sambygdingane kontakt med kvarandre, og gamle naboar frå heimbygda kunne utgjere eigne lokalsamfunn der dei slo seg ned

Første byggjesteget

Den første tida måtte nybyggjarane klare seg med det

absolutt mest naudsynte for å overleve. Dei første husværa kunne vere vognkasser som vart snudd opp ned og halden oppe av 4 stolpar. Vognkassen vart dekkja med seglduk. Inne var det ein omn og ei slags seng. I slike husvære måtte dei bu til dei fekk opp dei første tømmerhyttene.

Det var naturleg å bruke tømmer då dette materialet var lett å få tak i. Tømmeret i hytta var ikkje hand-sama på anna måte enn at barken var fjerna. Sprek-kene mellom tømmerstokkane var fylt med leire som vart henta frå elvebotnen. Taket var av bark og torv.

Fjøset var av same type. Ole var den første som sette opp eit reisverksfjøs. Det var i 1893, omlag 15 år etter at den første nybyggjaren slo seg ned her.

Giftemål

Samuel Olson var den første som gifte seg. Kona heitte Nikoline Andersdotter Årdal, og kom frå Instetunet i Årdalen. Nikoline reiste ut saman med si syster i 1878. Den 17. mai 1880 gifte ho seg med Samuel. Bryllaupet stod i Benson, Minnesota. Om dette står det å lese i "A history of..."

"Bryllaupsreisa var turen til bennar framtidige heim, for brura - tilbaketuren til heimstaden for brudgommen. Reisa vart gjort i ei overtrekt vogn, trekt av eit oksespann. Ei ku kom etter i band. Det var ei lettvinnt kjelde til fersk mjølk. Det tok tre veker å nå garden, som låg tre amerikanske miles vest for det som snart skulle bli Grafton by".

Bryllaupsreisa var med andre ord ikkje spesielt luksuriøs, noko heller ikkje husværet som ho kom til kunne karakteriserast som. Vi har sett korleis tømmerhyttene vart laga. I byrjinga husa ein slik bustad ikkje berre dei nygifte, men også Ole som hadde budd saman med Samuel det meste av tida sidan det var bygt. Også den før omtala naboen, Gunder Ericstad delte ei tid husvære med Ole, Samuel og hans nye kone.

Gunder hadde reist frå Norge på same tid som Nikoline, og hadde vore hennar reisefelle på det meste av reisa.

Ole var den neste som gifte seg. Brura var Johanna Iverdatter Søgnesand, også frå Jølster. Dei gifte seg den 8. juni 1881 i Winsconsin. Følgjande er gjenfortalt i Ole sine eigne ord, diktart av dottera Olina:

"Nokre dagar etter bryllaupet la dei ut på turen til Red River Valley, deira framtidige heim. Dei reiste med tog til Grand Forks og med dampbåt til Acton (12 amerikanske mil aust for Grafton) Herifrå vart dei inviterte til å halde fram i lag med Mr. Arne Ingebretson som budde omkring 4 miles frå der Ordahl budde. Dei siste 4 miles måtte dei gå. Dette var altså bryllauppreisa!

Huset som stod klart til å ta imot busfrua var beskjedent, og det var også utstyret. Men dei to var sparsommelege og bardt arbeidande unge menneske, og dei enkel omgjevnadane uroa dei ikkje. Dei levde



Samuel Nilsen Øvrebø og kona Isabell, fotograferte i Bergen i 1883, like etter at dei hadde gifta seg, og kort før dei utvandra. Dei slo seg ned ved Devils Lake, North Dakota

lukkelege og var tilfredse i si hureisingshytte, til dei var i stand til å skaffe seg ein betre heim".

I 1886 reiste Gunder Ericstad tilbake til Noreg. Ho som han var trulova med, Nikolina Anderson Hegranes, følgde han tilbake til Grafton. Ho kom også frå Jølster. Dei gifte seg like etter at dei kom fram til Grafton. Gunder hadde då bygt ei lita reisverkshytte som dei kunne flytte inn i.

Etter kvart kom det fleire tilflyttarar til samfunnet. Plassen tillet ikkje å gå nærare inn på desse, men det var mange jølstringar som etablerte seg her. Blant anna kom det i 1890-åra eit stort tal andre slektingar av familiane Ordahl, Olson og Ericstad til Grafton. Dei vart verande i kortare eller lengre periodar. I 1880-åra var jernbana blitt forlenga til Grafton. Staden

hadde også vorte postkontor og hadde fått sitt eige namn i 1880. Etter kvart utvikla Grafton seg til å bli ein by.

Avslutning

For båe Olsonbrørne skulle draumen om Amerika få ein trist slutt. Samuel Olson døydde så tidleg som i 1888. I arbeid med å skaffe brensel for året hadde han klatra opp i eit tre for å kutte av greiner frå eit anna tre som hadde hekta seg fast. Treet fall, og Samuel vart riven med. Han døydde momentant. Enka sat att med fire born, den eldste berre seks år

Ole Olson vart vanfør av revmatisme, og var sengeleggjande dei 11 siste åra av si levetid. Då levde 10 av dei 11 borna hans. Han døydde i 1918.

Utvandringa frå Jølster vert her sett i lys av befolkningspress og ressurstilgang. Men det kunne også vere andre grunnar for å reise til Amerika

Spesielt i den første tida kosta det mykje å dra til Amerika. Dei som drog måtte sjølve betale reisa, om dei ikkje fekk den betalt av slektningar som alt hadde reist. Totalt sett var det ofte difor ikkje dei fattigaste som reiste. Blant anna skriv amtmannen i Nordre Bergenhus at det var gardbrukarane som for ut. Husmennene hadde ikkje økonomi til å kunne utvandre. Motiva for å bryte opp kunne såleis variere, både frå individ til individ og frå periode til periode. Sjølv om den materielle stoda kunne vere vanskeleg, var det likevel ofte ikkje rein materiell naud som låg bak, men eit håp om at det likevel skulle vere betre grunn-

lag for å skaffe seg eit godt liv andre stadar.

Bakgrunnen for å ta den endelege avgjerda om å utvandre var samansett. Likevel ser vi at toppane i utvandringa fell saman med endringar i den økonomiske utviklinga. For Jølster sin del ser vi at utvandringa slo om seg når befolkningspresset var stort, og at den tradisjonelle løysinga på dette i form av utflytting til andre innanlandske regionar fall bort. For mange stod utvandring til Amerika fram som eit reelt alternativ når også avlingane i jordbruket slo feil, slik situasjonen var i 1860-åra.

Framstillinga er gjort etter følgjande kjeldegrunnlag:

Nedrebø, Yngve:

"Amerikafarere fra Jølster – ved et 150-årsjubileum"

Nedrebø, Yngve:

"Fra Jølster til Bergen" – hovudoppgåve i historie, UiB.

Nerbøvik, Jostein:

"Norsk historie 1870 – 1905"

Olsen, P.J m/fl.

"A history of two Norwegian Communities in Northeastern North-Dakota"

Årdal, Stig

"Jordbruket i Jølster 1850 – 1910" – hovudoppgåve i historie, UiB

Kopi av amerikabrev frå Johannes Olson Ordal, 1864.

Frå Jølster

Mellom jølstringane som var utkommanderte i 1813-14, var der ein «kjekke kar» som tykte godt om ei «sotta» (grepa) jente der i bygda. Men det var ikkje avtala noko «visst» mellom dei.

Medan han no var austpå og ikkje nett hadde noko å gjere, tenkte han at han skulle skrive friarbrev til jenta - og som tenkt, så gjort.

Brevet kom. Men jenta måtte til skulehaldaren med det, for ho kunne ikkje lese.

Skulehaldaren likte også jenta og ville gjerne sjølv ha henne, og så las han brevet gale, og sa: «Ja, her stende da at soldaten æ dau`e.»

Jenta tok seg svært nær av dette, men som ho sa: «Ka ska ein gjere? Da nyttar ikkje å springe korkje på sjø helde vatn. Han kjem ikkje atte mæ da.»

Då no skulemeistaren byrja å gå på friarføter til jenta, fekk venene til soldaten misstanke om at han hadde fare med svik. Dei skreiv til soldaten kva skule-

meisteren hadde gjort og ba han skunde seg heim.

Jenta ville ikkje vete av skulemeistaren, men foreldra likte han godt og ville endeleg at ho skulle ta han. Til sist vart ho så lei av alt påheng at ho sa: «Når eg ikkje kan få han eg æ gla i, æ eg like syten med alt i hop!» Ho kunne berre ta skulemeistaren; meinte ho.

Å ja, der vart laga til stort og fint bryllaup. Dagen kom, dei reiste til Ålhus kyrkje, og brurfolket var komne fram til alteret.

Då kom ein soldat opp kyrkjegolvvet. Han gjekk like bort til brudgommen og sa: «No lyte du flytte deg!» Då brudgommen ikkje straks ville gjera han til viljes, kviskra han til han: «Da gjelde livet!»

Då gjekk han, brudgommen, og soldaten tok plasen hans ved sida av brura. Men han tok ho så fast i handa at blodet spratt fram med neglene.

Kjelde:

Nikka Vonen

Rasmus Kviteberg

På ein fottur frå Sunnfjord til Nordfjord stogga vi ein dag på Jølst for å sjå oss om på garden Kjysnes. Der hadde vi høyrte at det skulle vere ei eldgamal stovve med utskjeringar rundt veggene (venteleg ein stovvebygning med svalgang).

Nær Helgheimskyrkja var der fleire naust og båtar, og attmed gjekk nokre folk og høya, så vi tenkte at her kunne vi sikkert få skyss over vatnet.

Eg gjekk bort til han som eg meinte måtte vere husbonden, og spurde om han - eller ein av tenestefolka hans - kunne gjere oss den tenesta å skyss oss over Kjøsnesfjorden.

«Jau», svara han. Eg tenkje eg ska skyss doke, rekarpakk, styggheit, so fære lāngs landevejen, ā ikkje gjere da Guds grunn! Jau, eg tenkje eg ska skjysse doke, fantepakkk!»

«Ja, nār du ikkje vil hjelpe oss, er det best vi hjelper deg. Der står ei rive, den skal eg få låne»

«Ja eg tenkje du skal gjere venda, byfant so du er!»

«Eg er ikkje frå byen!»

«Ka fy nokke? Jammen hāe du vo fram-i ditta arbeidet fyrr! Kem er du, kor āe du frå?»

«Eg er dotter til smeden i Dale.»

«Tryste meg! Du āe dā inkje litle Nikkinne, yngste dottra te sme`en?»

«Jau, dei kalla med nok det før.»

«Dā hāve eg bāre deg pā mine arma so māngjen idelāe gāng.»

«Men kva heiter du?»

«Eg heite Rasmus Kviteberg, eller Hvideberg, so dar står i matrikkelen

Dā eg va soldat ā ekserte ut-i Dale, budde eg hos far din. Litlejenta dar, ho Nikkine, ville støtt eg skulle bāre hinne.

«Nei, so da āe du! Kara, kast rivene, sett bāten ut! Me skal ro deg yve vatne.»

«Skal ikkje dei andre vere med?»

«Å jau dā, tak mēe deg so mānge du ve.»

Kommne eit stykke ut pā vatnet, seier Rasmus:

«Sjā dar oppe ligge garden min.»

«Kor pent der er. Har du mange born?»

«Eg hāe ikkje bonn; eg gjipte meg mēe ei gamalde ekkje.»

«Å nei, kvifor gjorde du det?»

«Skjele da deg?»

«Ja, det gjer det, for du kan ikkje ha hatt det godt, og dā tykkjer eg synd i deg.»

Å, eg āe no like sytt'e om eg seie da. -Eg var trulova mēe ei unge pene gjente. Men so trua foreldra hinna te ā take ein riking. Dā vart eg sint'e, og tenkte: Jaja, eg ska værta gjifte fyrr ho, og verta rikare mēe. So tok eg ei ekkje. Ho var 30 ār eldre helde eg. Men ho er daude no.

Ho fekk ei skikkeleg pen jor'fær. Å ja, ho gjore meg ikkje noke ilt, stygjetinge!»

«Du skal kanskje gifte deg med ei ung ei no?»

«Nei, eg skal verkelāe ikkje gjære noken so ilt. Eg veit kor ille dei gamle skrāe (skor) fell te dei unge føte; eg gjere verst mot meg sjøl.»

No āe me āt landa, ā eg ve be deg vel yve. Da va so moro te sjā atte litlejenta.»

Pā Kjøsnes trefte vi eit par gamle folk, som fortalde om «Riddarhaugen», som var der pā garden. Men stova vi kom for ā sjā, var nedreven for fleire ār sidan. Dei trudde at noko av tømmeret kunne vere i ei bu ein stad.

Dei gamle hadde lite, eller inkje ā fortelja om Hugleik, far til Audun og kva veg han tok dā han ville halde slag i Naustdal. Men dei hugsa godt biskob Neumann si vitning pā garden. Dei hadde bedt for «Riddarhaugen» at ikkje den vart rørt. Haugen hadde aldri i manns minne vore slått, endā det var godt gras pā hānā, og det vart aldri hogge eit tre pā haugen.

Kjelde:

Nikka Vonen

Fjellrosa

Der fjellet stuper hengjebratt
med svarte svad og vidje-kratt,
som heng og siklar vilt og vātt
der ingen mannefot har gātt

I disse svimrehøge flog
der ferdamann treng øks og tog,
i gluvra inn i berget røtt
fjellrosa reine har eg møtt

Den rosa som dei drøymde om
i vide verda kvar eg kom,
som aldri voks i dyrka jord
og aldri pynta festleg bord.

Her under bratte himmelbrun
ho funne har ei krā so lun,
og kleder seg i dronningsskrud,
som ingen annan ser enn Gud.

Du reine uskuld, rose kvit,
som heimlaus måtte røma hit,
til deg, til deg min lengsel brann.
Å, sāle meg som her deg fann!

Knut K. Øygard

Oldeskaret og Strandavegen til Bergen

Av Oddvin Kvame, Oldedalen

Både Stardalen og Oldedalen er omkransa av høge fjell og breplata. Oldeskaret ligg som ein port mellom desse to dalane. Rett nok må ein opp i ei høgd på fram mot 1100 m o. h. før det tek til å skræ nedoveratt, men det er helst rimeleg samanlikna med dei andre fjellovergane.

I 1905 vart første Oldeskarstemna arrangert. Det var Knut Øygard frå Stardalen og Anders Mykløen frå Oldedalen som gjorde opptaket. Denne stemna var i mange år ein fast tradisjon, ei feststund som folk på begge sider av fjellet såg fram til og gledde seg til.

Men vegen over Oldeskaret har i lang, lang tid, ja vi kan kanskje seie til alle tider vore ein snarveg, ei sambandsline mellom Indre Sunnfjord og Indre Nordfjord. Der gjekk folk på friarferd, og folk som skulle vitje vener og slektningar på andre sida av fjellet. Eller det kunne vere meir kvardagslege ærend: henting av smale som hadde tulla seg ned på feil side av fjellet, innkjøp eller byte av avlsdyr for å få nytt blod i smaleflokkane. Ja, til og med smågrisar vart borne over fjellet i hiter eller jutesekkar.

Fjellvegen over Oldeskaret kunne også vere ledd i ei lenger sambandsline. Når dei gjekk stranda til byn (Bergen) her frå Indre Nordfjord, var det svært vanleg at dei valde vegen over Oldeskaret som oppstarting, i alle fall i sommarhalvåret.

Den makelegaste reisemåten for ein bytur var vel å fylgje ei jekt i den gamle tida. Men då var dei avhengige av lagleg vind. Var dei uheldige med vinden, kunne byreisa bli ei langdryg historie. Det hende dei måtte reise heim att og hente seg mat, fordi reisa tok slik tid at bynista vart oppbrukt.

Ville ein vere rimeleg trygg på at byreisa vart unnagjort på den tida ein hadde tiletla dette føremålet, var det tryggast å gå. I gamle dagar hadde dei ei heilt anna trening i å bruke beina sine enn folk flest har no til dags. At folk gjekk ein heil dag, eller dag etter dag, det var meir regelen enn unnataket.

I 1962 bestemte Fredrik Kvame og Ola T. Eide seg for at dei ville prøve kor lang tid dei gamle brukte på å «gå stranda til byn». Første dagen gjekk dei frå Oldedalen til Haukedalen. Sjølv sagt måtte dei då tøyse dagen både om morgonen og kvelden. Andre dagen kom dei til Sværen i Balestrand før dei tok kveld. Neste dag kryssa dei Sognefjorden og tok fatt på Vikafjellet. Tredje kvelden fekk dei nattely i Vossestrand. Dagen etterpå kom dei til Bergsdalen før dei tok kveld. Og ved nonstid den femte dagen kom dei til Bergen.

Fredrik Kvame nærma seg 70 år då han gjorde denne reisa, ein imponerende prestasjon for ein mann i den alderen. Men det er kanskje grunn til å tru at ei reisetid på 5 - 6 dagar for ein fottur til Bergen var rimeleg nøkternt den tid ein slik reisemåte var abso-

lutt aktuell. Før bilen vart nærast sjølv sagt reisemåte når lengre strekningar skulle tilbakeleggjast, hadde folk både betre kondisjon, og langt større mod til å gje seg i kast med lange strekningar.

Det er og rimeleg at vegen over Oldeskaret og Sværeskaret var eit aktuelt alternativ når folk frå Indre Nordfjord hadde ærend til amtmannen eller fylkesmannen, som etter 1763 budde på Hermannsverk.

Vegen over Oldeskaret var i gamal tid raskaste sambandet til Olden/Loen - området for heile Jølster. Dermed kan ein vel seie det var ein snarveg for mesteparten av Sunnfjord. Likeeins var det for ein stor del av Breim.

Litt før 1920 gifte ei jente frå Gjesdal i Jølster og ein gut frå Oldedalen seg. Bryllaupet stod i Oldedalen. Bryllaupsgjestene frå Gjesdal fann at laglegaste vegen gjekk over Oldeskaret. I den tid var bilar og bussar temmeleg sjeldne. Gjesdalsfolket rodde til Skei. Der frå gjekk dei, gjennom Stardalen, over Oldeskaret til Oldedalen. Tilbaketuren fylgde same ruta. Vonleg hadde dei fint ver. Det var i alle fall høgssommar.

Nokre år seinare vitja eit ektepar frå Oldedalen slektningar i Kandalen i Breim. Tilbaketuren valde dei å leggje om Oldeskaret. Dei fekk roslyss frå Kandal inn til Førde. Der frå gjekk dei, forbi Paulen og Klakkegg, og inn gjennom Stardalen. Då dei kom til Høyset, vart dei bedde inn og dei fekk seg middagsmat. Det var ei lukke, for vegen over Oldeskaret vart meir langdryg og strevsam enn dei hadde rekna med.

Det var på haustparten, og det var kome noko nysnø oppe i fjellet. Oppe ved Haugastøylen tok dei feil veg. Dei var komne eit godt stykke oppover mot Åmotbreen før dei oppdaga mistaket sitt. Dette hefta dei sjølv sagt ein god del. Det same gjorde nysnøen som dei ikkje var førebudde på med høvelege sko og klede.

Då dei kom ned i Oldedalen, var dei heilt trøytt og utmasa. Ein av bøndene i inste Oldedalen, Jens Myklebust, såg korleis det stod til. Han sa: «Vent litt, så skal eg sele på merra!» Det tydde at han baud til å køyre dei heim. Under normale tilhøve ville dei protestert og sagt: «Nei det går ikkje an å hefte deg på den måten!» Men slik det stod til, dei var heilt utmasa, var dei umåteleg takksame for å få køyre seg dei kilometerane dei hadde igjen.


Det går segner om at soldatane frå Indre Nordfjord i gamal tid reiste gjennom Oldedalen og Oldeskaret når dei skulle til grensa for å forsvare landet. Det blir til og med fortalt at uniformer og militærutstyr vart lagra på Førde (For) i Oldedalen. Denne garden vart øydelagd av steinskrede i 1693, og har vore utan busetnad mesteparten av tida etter dette.

At soldatane reiste over fjell og brear i samband med militær- tenesta si, er i alle fall sikkert nok. På Yri



Frå Stemneplassen

Frå Oldeskarsvatnet.



i Oldedalen er det eit skåp som minner oss om ei slik reise. Etter krigen 1807 -1814 var nokre soldatar frå Olden og Loen på heimveg. Dei valde å ta snarvegen over breen. Der oppe kom dei ut for eit langvarig uver. I dagevis gjekk dei rundt i skodde og snøkave utan å finne vegen ned att. Dei vart matlause, og kreftene tok slutt. Til sist var den eine så forkomen at han gav seg over og bad om å få liggje att. Men kamera-ten, Ingebrigt Simonsson Yri, ville ikkje høyre på slik tale. Han tok tak i venen sin, og drog han med seg. Ingebrigt var ikkje stor av vekst, men han var uvanleg seig og uthaldande. Og dei kom seg omsider ned i Oldedalen. Rasmus, som kameraten heitte, var berga.

Rasmus ynskte instendig å få vise si takksemd. Han var ein nevenyttig kar, og då han hadde fått att kref- tene, sette han i gang med å lage eit skåp. For at det skulle bli finast mogleg, fekk han ein rosemålar frå Hornindal til å dekorere det.

Og skåpet, med initialane til Ingebrigt Simonson Yri, står framleis på Yri. Det står der og vitnar om venskap og livsvilje, men samstundes minner det om dei harde livstilhøve brefolket hadde. Om breen var kortaste vegen mellom bygdene, var han ikkje alltid snarve- gen. Slik avsluttar Oddgeir Bruaset denne saga i boka si «Jostedalsbreen».

Det var ikkje uvanleg at dei som ferdast på fjellet måtte ta ut på breen, endå hovudleia var Oldeska- ret. Bestemor mi som var fødd i 1859, fortalde frå sine barneår om ein gong nokre jølstringar kom ned til Rustøy med ein bjørn dei hadde skote oppe i brekan- ten på Oldedal-sida. I fyrstninga hadde dei fylgt etter bjørnen langs fjellsidene i Jølster. Til slutt hadde dei så fylgt han ut på Myklebust-breen. Og fyrst då dei kom ut på brekanten ovanfor Rustøy,

kom dei så nær at dei fekk avlive han. Dei hadde drege bjørnen på snøfønnene så langt dei rakk. Og då dei kom ned på berr mark, hadde dei hogge nokre busker som bjørnen vart lagd på, og så dregen til gards på Rustøy.

Dette skjedde rimelegvis i midten av 1860- åra. Bestemor mi fortalde at ho var så lita og redd at ho gøymde seg bak stakken til mor si.

Denne saga fortel om hopehavet mellom stardølene og oldedølene. Vitjingane til grannane på andre sida av fjellet var ikkje berre fritids- og helgedags- besøk. Svært ofte galdt ærenda kvardags-arbeidet. Det kunne vere handel eller bytehandel av husdyr. Eller som i tilfellet ovanfor: jakt på rovdyr som gjorde skade på begge sider av fjellet. Dei gamle visste at samhald og samarbeid er det beste for alle partar.

Fritenkjaren

*Den gongen eg las mi latinske bok
med alle dei framande orda,
då trudde eg sjølv at eg var so klok
som lærdaste mannen på jorda.*

*Eg grunda og grubla i kryss og i krok
og lest som det valde meg pine
at hjernen min var so professorklok
at eg ei kunne tru som hine.*

*Ein fritenkjar vart eg som gamal skikk
hjá klokingar alltid har vore.
Det gjekk med faner og full musikk,
for so plar det gå med dei store.*

*Det var sakte gaman å gli på kant
med alt som dei gamle trudde.
Kvar einaste ordet dei heldt for sant,
det vende eg om og snudde.*

*Eg stiva meg opp som ei byste av gips
og sette fram flokete gåter,
Eg kjøpte meg jakke og kunstnar-slips
og brikte på alle måtar.*

*Då såg dei nok alle at eg var klok
om ingen det retteleg fata.
Dei vrei sine hender og hovud skok
og peikte på meg på gata.*

*Men då eg rett hadde stige litt
i ry for mi nye lære,
då lei eg ein dundrande stor fallitt
som reint ville øyda mi ære.*

*Då ramla eg ned frå mitt høge parnass
med hovudet føre mot jorda,
med jakka og slipset og lærdomens lass
og alle dei framande orda.*

*So kledde dei av meg min stormanns-skikk
og fullgodt arbeid gjorde.
Det gjekk med faner og full musikk,
for so plar det gå med dei store.*

Knut K Øygard

Diktaren i Jølst i år

er som i fjor Knut K. Øygard

Knut K. Øygard var fødd i Stardalen i 1907. Han tok eksamen ved Firda Gymnas i 1927. Vidare studerte han teologi og var utdanna til presteteneste i 1932. Same året vart han tilsett i NKUF som reiseprest og som styrar av Bømoen Soldatheim. Seinare styrde han nokre ledige presteembete i Bjørgvin, m.a. i Jølster og vart i 1938 tilsett som lærar ved Sunnmøre ungdomskule. Etter 8 år vart han tilsett som sokneprest i Fjell på Sotra i 1946, der han var til han døydde i 1951, berre 43 år gamal. Nokre av dikta og forteljingane hans vart samla i hefte «Unge Hallvard» som kom ut i 1954. Der i frå er henta dei dikta som Jølst har gjort seg nytte av i dette bladet og i det som kom i 1998.

Etter hans død, gav Hyrdingrøysta ut eit nummer som var vigd minnet om Knut K. Øygard. Ein av bladet sine medarbeidarar skreiv då mellom anna dette i nokre minneord om han:

«Levedagane vart ikkje so mange for Knut Øygard, men minna etter han vil lenge leva. Han var av dei menneske som det er gildt å vera saman med. Ein fekk med seg noko godt som det var styrke i å taka fram att. Frå han var fødd i Jølster 27. november 1907 til han døydde som sokneprest i Fjell 12. mars 1951, fletta han ein verdfull minnekran for alle som lærde han å kjenna.

I studentdagane tok ho til å syna seg, den poetiske åra som kunne trylla fram so mang ei fesleg skildring. Sjølv tok han det aldri høgtideleg med dei råkande dikta han kunne skapa i korte inspirerte stunder. Diktet Bondestudenten let han soleis prenta i eit Osloblad, visstnok den 17de Mai, men gløymde so beile diktet. På ein Brandtur fekk Knut Øygard høyra skipperen lesa opp nett dette diktet. Då kjende han det att, og etter ein samtale med spørsmål og svar fekk Brand-skipperen greie på kven diktaren var.

Fram gjennom åra har eg fått mange brev frå Knut Øygard. Var det noko eg trong hjelp med, so drygde han ikkje lenge med å svara. Men ein gong skreiv eg om at han burde samla alle salmane sine og senda dei inn til dei som arbeidde med tilfang til ei ny norsk salmebok. Det brevet svara han ikkje på. Det smålåtne

draget var ekte hjå Knut Øygard, var liksom noko av han sjølv.

Kor har han vel ikkje likevel gledd oss med alle rikdomane han bar gjeve oss, om vi so berre tenkjer på Kyrkjebladet vårt. Anten det gjeld Jølstersongen hans, Unge Hallvard, eller den siste, Fjellrosa, ligg det høgtidsdåm og belg over dei so ein må leita lenge etter maken.

Men størst arbeid gjorde likevel Knut Øygard i skulestova og i presteyrket. Her var han på rette plassen sin. For mange år sidan skreiv eg til han og bad han koma med eit vitnemål om det som dreiv han til prestearbeidet. Eg tenkte at det kunne vera av interesse for ei Jølster-soge i framtida. Han gav dette svaret: Då eg tok til på det teologiske studiet, tenkte eg ikkje nettopp å gå inn i prsteyrket. Men etter kvart som eg fekk meir kjennskap til Gud i Jesus Krist, vakna bugen til forkynnar-arbeidet. Etter ferdig skuletid vart eg tilsett i Sunnfjord krins av N.K.U.F. Sidan klårna kallet etter kvart.

Største gleda i arbeidet: Vissa om at eg er sendebod i Jesu stad. At evangeliet er ei kraft i seg sjølv – ubunde av meg.

Største vanskjen i arbeidet: Å leva so heilt for Herren at han kan få oppfylla sine lovnader i meg og gjennom meg.

Både i studietida og seinare fekk eg vera lite grann med i arbeidet for Guds rike i Jølster. Eg ser det som ein særleg nåde av Gud at det laga seg soleis. For i dei åra gjekk det vekking gjennom bygda, og den gav meg eit klårare syn på Kristus. Serleg takkar eg Gud for ein ung mann, Ola Huus, som eg fekk gjesta fleire gonger på hans dødslægje sumaren 1945. Samtalane med han gav meg noko heilt nytt.

Skule og kyrkje hand i hand, det var tanken som Knut Øygard var gripen av. Difor fekk han og til ein eigen teig for skulen i det kyrkjebladet han skipa i Fjell. Det er visstnok einaste kyrkjebladet i landet som har sett i gang med eigen skuleteig.»

Sverre J. Befring





Isvassbotnen



*Ripetunet,
Kjøsnes-
fjorden*



*Heggbeims-
støylen*



Rognebakken, Paulen

Familien Jølster i Buenos Aires

Av Leiv H Dvergsdal

Det byrja på Melhus bedehus for eit par år sidan. Eg sat til bords med Inger og Andreas Masvie som på 50- og 60 talet var prestefolk for sjømannsmisjonen i Buenos Aires. Praten gjekk, og Inger ville vite kvar eg kom frå. «Jølster, ja. Eg har aldri vore der, men eg kjenner ein som heiter Jølster!» «Heiter Jølster?» var min reaksjon, for det var heilt nytt for meg at nokon brukte Jølster som slektsnamn. Dette måtte eg få vite meir om. Og så kom ei utruleg historie om den utvandra industri- og forretningsmannen Nilsen i Buenos Aires som tok slektsnamnet Jølster fordi han hadde vore på vitjing i bygda ein gong i ungdomen og tykte det var så fint der! Eg vart opp i det, og tenkte med ein gong at dette måtte vere godt stoff for «Jølst».

Men graset grodde, og bortsett frå at eg skaffa meg ein adresse i Buenos Aires, som eg ikkje brukte, vart det ikkje gjort noko, -før eg i vår møtte Olav Veiteberg og nemnde saga for han. Det viste seg at for han var ikkje dette noko nytt- han sat til og med inne med svært godt stoff om saka. Takka vere han vart det alvor av å skrive dette.

Litt bakgrunn

Norsk utvandring til Argentina har vore lita samanlikna med utvandringa til USA og Kanada. «La Pampa» som slettelandet i Argentina heiter, kan nok måle seg med prærien i Nord Amerika både når det gjeld vidde og jordkvalitet. Men vegen dit var lang, og av historiske årsaker var den beste jorda oppteken då utvandrarskredet tok til. Det er såleis få nordmenn som har prøvd seg som bønder i Argentina. Derimot var det mange frå Noreg som hamna i byane på kysten. Dette hadde sin naturlege grunn i at Argentina, og særleg Buenos Aires låg sentralt til for skipsfarten i det sørlege Atlanterhavet, og for polarekspedisjonar og kvalfangst i Sørishavet, der Noreg var godt representert. Såleis slo kaptein Nilsen, som førde «Fram» med Roald Amundsen mot Sørpolen seg ned her, under tilnamnet «Fram-Nilsen».

I første halvdel av 1900-talet var Argentina inne i ei rask økonomisk utvikling, med m.a. sterk utbygging av industri og jernbanenett. Dette førde ein del nordmenn med teknisk utdanning hit. Andre dreiv forretning med dei rike lokale ressursane, mellom andre «Ull-Nilsen».

Sjømannskyrkja i Buenos Aires

I Buenos Aires vart det oppretta sjømannskyrkje så tidleg som i 1888. Kyrkja var som namnet seier, kyr-

kje og møtestad for sjøfarande folk, men i tillegg var ho også soknekyrkje for den norske kolonien i byen. Her møttest nordmenn til alle slags kyrkjelege handlingar og elles når noko spesielt skulle feirast i det norske miljøet. Dei fastbuande i byen ytte og stor praktisk og økonomisk hjelp til kyrkja.

I 1920 vart det reist ei ny og monumental kyrkje. Dette var etter den første verdskrigen, og kyrkja inneheldt minnetavler over alle norske sjøfolk som omkom under krigen, etter mønster frå minnehallen i Stavern.

Diverre måtte den stolte kyrkja rivast for nokre år sidan for å gje plass til ein motorveg. I dag vert sjø-



Sjømannskyrkja i Buenos Aires.

mannskyrkja sine funksjonar tekne vare på av den svenske sjømannskyrkja.

Familien Jølster

Hovudpersonen i saga; Niels Johan Nielsen, er fødd i Nygårdsvik i Bergen i 1894. Både faren og mora, ho var fødd Birkhaug, kom frå Bergen. Niels Johan var utdanna som kjemiingeniør og drog til Argentina i 1920 åra for å byggje opp ein fabrikk for garveekstrakt i Nordaust Argentina for ei skips og industri-gruppe i Bergen. Hovudkontoret låg i Buenos Aires, og her slo han seg ned. Litt seinare gifte han seg med Liv Rasmussen, også frå Nygårdsvik i Bergen. Faren hennar var skipskaptein med lange opphald ute, slik som det var vanleg for sjøfolk den tida. Ekteparet Nielsen fekk to søner, Thorleif i 1926 og Nils Johan d.y. i 1928. Nils Johan Nilsen vert av dei som kjende han, karakterisert som ein staut og respektert mann.

Under krigen var han og kona aktive i noko som heitte Norgeshjelpen, som m.a. samla inn pengar til kjøp av to treningsfly til den norske treningsleiren i Kanada. Etter krigen vart han utnemnd til kommandør av St. Olav, og også kona fekk ei medalje for innsatsen.

Om bakgrunnen for Nils Johan Nilsen og familien hans tok namnet Jølster, siterer eg frå oppteikningar etter Kr. J. Sunde:

«Jo nede i Buenos Aires var invandret så mange familjer Nilsen fra Kristiansand, Stavanger og Bergen at det var vanskelig å holde dem fra hinanden. Så fikk hver et tilleg, som Preste-Nilsen, Fram-Nilsen, Blomster-Nilsen o.s.v.»

«Så blev der Holt et stort selskap dernede hvor flere af disse Nilsenenene var tilstede. En spøkefulg reiste sig og forlangte ordet: Ja nu er her en Nilsen som ikke har fåt noget navn, ham foreslår jeg får navnet Smukke-Nilsen og så blev det og det passet for det var en vakker og stram kar, men nogen begeistring over navnet var det ikke i familien. Når tiraden: «Gud-dag fru Smukke-Nilsen» hadde lydt sådan i 10 år var både manden og konen lutende lei av det hele og så holdt de skipsråd og så kunngjorde manden: Jeg har en gang i min ungdom sammen med min far vært i Jølster, det var den vakreste bygd jeg har set; herefter skal Jølster bli vort familienavn» - og så blev det —».

Nils Johan d.y. meiner at det ikkje var eit tilfeldig innfall som førde til at familien skifta namn. Faren var veldig glad i Vestlandet, Vestlandsnaturen og landsmål. Halvt i spøk og halvt på alvor snakka han om å kjøpe seg ein liten gard der. Han var spesielt oppteken av Jølster-naturen og likte klangen i namnet på bygda, og han var svært glad då formalitetane med namneskiftet endeleg gjekk i orden, rundt 1936.

Sonen minnest med glede ein tur til Jølster i 1935. Då budde familien på Vassenden Hotell og var på vitjing i Astrup-tunet, der dei fekk servert rømme-graut og potetlefse. Gutane fiska i Jølstravatnet, og Nils Johan d.y. fekk vera grindagut for ein drosjesjåfør som køyrde ein engelskmann til ein foss der han fekk ein stor laks.



Familien Jølster ved Lysekloster i 1936.

Nils Johan d.y. seier om foreldra at dei aldri rekna seg som utvandra nordmenn, men som nordmenn som av omsyn til arbeidet vart buande i Argentina ein stor del av livet. På sine eldre dagar kjøpte dei seg ein bustad i Bergen, der dei budde i relativt lange periodar. Heimen i Argentina var norsk på alle vis. Dei åt fisk og fiskemat, m.a. fiskepudding, to gonger i veka, og ellers gjekk det på lapskaus, färikål og andre typiske norske matrettar.

Sjømannskyrkja var samlingsstad for den norske kolonien. Det var den gongen relativt mange nordmenn i Buenos Aires, så gutane hadde mange norske jamaldringar, men dei gjekk på engelsk skule og vart nokså internasjonale.

Ekteparet Jølster hadde tenkt at sønene skulle få seg utdanning i Noreg. Medan borna var små, var familien ofte på lange opphald i Noreg og reiste då med lastebåtar frå Den Norske Sydamerikalinje. Det tok tid, men reisene var eit eventyr for gutungane. Turen gjekk innom hamnene oppover Brasil-kysten, over Atlanterhavet, bunkring på Kanariøyane og til slutt innseglinga til Bergen. Det var opprigga badebasseng på dekk, med ramsalt tropevatn. Gutane fekk spele sjømenn, hjalp til med måling, og vitje kapteinen på brua.

Ein gong gjekk gutane eit heilt halvår på Holen skule i Bergen. Diverre sette den andre verdenskrigen ein stoppar for planene om vidare skulegonge i Noreg.

Jølster på Pampaen

Thorleif tok utdanning i USA og har sidan halde fram med forretningane etter faren, m.a. heilt fram til i år som direktør for Mustad Argentina. I tillegg er han ein skikkeleg storbonde på pampaen, slettelandet i Argentina. I 1973 arva nemleg kona, som er argenti-




Kveg, gouchos og endelause vidder.

nar, av britisk slekt, tredjeparten av eit bruk på 43000 mål, altså vel 14000 mål. Garden som på indianarspråket ber namnet «kuplassen», ligg fire og ein halv times køyring på gode vegar sør for byen Buenos Aires. Thorleif Jølster trivst godt på garden sin og er der ofte, i motsetning til mange andre jordeigarar i Argentina, som for det meste oppheld seg i byane. Det er no sonen, Nicolas Jølster, utdanna jordbrukssingeniør som har overteke den daglege drifta og som bur der fast. For vanlege jølstringar ser det ut til at levakåra er bra. Området høyrer til den fuktige delen av papmpaen, «la Pampa humeda», der det går å drive med åkerbruk. Men Nicolas Jølster interesserar seg sterkt for oppdrett av dyr og har husdyr på ein del av arealet. På denne jorda held dei i 1999 ca 600 mjølkekyr, og i tillegg ungdyr og kjøtfe. Når ungdyra skal mjølkast, vert dei drivne inn i mjølkeanlegga av gauchos til hest. Innan åkerbruket er tre produkt sentrale: Mais, kveite og solsikkefrø som det vert laga matolje av. Innhaustinga føregår i mars månad. Gardeigarane i området held til vanleg ikkje innhaustningsmaskiner sjølve, men overlet arbeidet til entrepenørar som tek oppdrag landet rundt.

Doktor Jølster

Nils Johan d.y. studerte medisin i Buenos Aires og etterpå spesialistutdanning i pediatri (barnesjukdomar) ved barneklubben på Rikshospitalet i Oslo, der også eitt av borna hans er født. Sidan har han vore ved universitets-klinikken i Buenos Aires, og sist som overlækjar ved det Britiske sjukehuset i Buenos Aires. Kona til Nils Johan, Nelly, argentinsk av sveitsisk foreldre, er lektor i mellomalderhistorie med islandske ættesoger som hovud-interesse. Ved ein del høve fungerte Nils Johan Jølster som primærlækjar for familien Masvie. Familien hadde vore på vitjing hjå skandinaviske innflyttarar oppe i Misiones, eit nokså varmt område nordaust i Argentina. Etter heimkoma byrja det å veksa fram ein kul i hovudet på sonen Torkild. Doktor Jølster vart kontakta, og han skar opp kulen utan å finne materie eller anna teikn til betennelse i første omgang, men kulen gjekk ikkje



Nicolas Jølster med ein av gouchoane.

ned, og såret ville ikkje gro. Inger Masvie er sjukepleiar og stelte med såret, og brått ein dag tykte ho ho såg noko rørdet. Ho fann seg ein arteriepinsett og ut drog ho ein lang larve som hadde tilhald der. «Det var som ein fødsel, fostervatn og det heile!» fortel Inger.



Sjølvsagt vart doktor Jølster varsla, og han vart over seg: Slike tilfelle som visst nok ikkje er så sjeldne i tropiske område, hadde han høyrte om, men som bylækjar i Buenos Aires aldri sett før.

Guten vart frisk, larven kom på sprit, og glaset med larven sto på doktor Jølster sitt skrivebord så seint som for fire år sidan.

Thorleif og Nils Johan Jølster er bae norske statsborgarar og er ofte på vitjing i Noreg. Som naturleg kan vere kjenner dei særleg tilknytning til Jølster-bygda, som er opphavet til familienamnet, sjølv om dei ikkje har slekt der.

I 1995 reiste Johan med ein del av familien sin gjennom bygda. Dei budde på Skei Hotel, vitja Astrup-tunet som for 60 år sidan og hadde ugløymande dagar i strålende ver. Men ved dette høvet brukte ikkje Nils Johan sitt rette namn, fordi, som han seier, «det kunne vere vanskelig å forklare hvorfor vi bærer et navn som noen kanskje føler ikke tilhører oss.»

Solsikke

Eg veit ikkje sikkert, men eg trur alle jølstringar som no har fått vite bakgrunnen for namneskiftet til familien Jølster, vil tilgje at dei tok med seg Jølster-namnet til det søramerikanske kontinent, der det no spreier seg gjennom nye generasjonar (rett nok som Jølster, då ø ikkje finst i det spanske alfabet.) Vi ynskjer Jølster-ætlingane hjarteleg velkomne attende til «røtene sine - og då under rette namn.

For min eigen del har arbeidet med Jølster-stoffet gjeve meg mange og nye og hyggelege kjenningar.

Samtaler med Inger og Andreas Masvie

Oppteikningar etter Kr. J. Sunde

Brevveksling med Nils Johan og Thorleif Jølster

Bergens Tidende 5. Mai 1984 «Jølster på Pampaen»

Sæle Morgon

Sæle morgon når det dagnar
etter dødens lange natt.
Sæle time når vi vaknar
og får sjå kvarandre att
på ei ven og nyskapt jord
med ein lekam herleggjord.

Natt skal ikkje lenger vera,
Herren sjølv skal lysa der.
Sorg skal ingen lenger bera,
ikkje pinsle so som her,
for dei fyrste ting veik bort,
alt er nytt av Herren gjort.

Satan med sin her har falle
djupt i avgrunns mørker ned
Gud har vorte alt i alle,
kvar ei sjel i han seg gled,
og hans banner over oss,
det er fred frå Kristi kross

Sæle Morgon, lat meg kjenna
angen av din vene vår,
som på Jesu ord skal renna
når den gamle jord forgår
og vi fritt i æva all
Gud med glede tena skal.

Sæle time som skal ringja
freden inn til evig tid,
gjev meg kraft og mod i bringa
til å strid den gode strid,
lyft meg gjennom jordlvs sveim,
lys meg fram og leid meg heim!

Knut K Øygard.

Daniel Dvergsdal

hadde spanande oppdrag som rømling under siste verdenskrigen

Etter avtale med Daniel Dvergsdal bar vi fått løyve til å attgje denne rapporten som han sjølv bar skrive. Artikkelen bar tidlegare vore prenta i bladet GRENSELOSEN. Nr. 3 1996.

Etter oppmoding skriv eg no ned følgjande rapport om mitt arbeid for MI 2 (2. militærkontor) ved den norske legasjon i Stockholm, frå juni 1944 til mai 1945.

Hausten 1943 studerte eg historie ved Universitetet i Oslo. Under studentaksjonen 30.1 1. kom tyskarane til hybelen min for å arrestere meg, men eg var ikkje der og gjekk i dekning. Kom som flyktning til Sverige sist i januar 1944. På Kjåseter vart eg utspurd om tyske tropper og stillingar i Førde, og dette resulterte i at dei sende meg til MI 2 i Stockholm. Her spurde dei om eg var interessert i etterretningararbeid, men førebels vart eg send til reservepolitutdanning på Øreryd. I mars kom det innkalling til MI 2, og så kom eg med på eit kurs der vi m.a. lærde radiotelegrafi. Det vart også lagt stor vekt på idrettar som terrengløp, orientering og symjing.

I juni fekk eg spørsmål frå Brynjulf Sjetne, som var leiari for Hamarkontoret, om å starte ein radiostasjon i Hamar-området. Oppgåva var først og fremst å sende meldingar om den tyske jernbanetrafikken. Desse meldingane vart samla inn på Hamar frå ein stor organisasjon av jernbanefolk ved Dovrebanen og Rørosbanen.

Eg sa ja med ein gong. Under utrustninga fekk eg eit godt råd av den røynde kureren Konrad Eriksen, som eit halvt år seinare vart skoten på ein ekspedisjon oppe ved Drevsjø. Eg kom trekkande med ein flunkande ny ryggsekk. "Kommer du til Norge med en slik sekk, blir du tatt med en gang", sa Konrad. "Du skal få bytte med en velbrukt sekk som jeg har". Som sagt, så gjort, og eg er han inderleg takksam for rådet.

Einar (Lier Olsen) og Sverre (Storholt) skulle føre meg inn i Noreg. Dei hadde ei fast rute. Vi starta med tog frå Stockholm i pyntelege sivile klær og utstyret pakka i billege EPA-kuffetar. I Karlstad vart vi møtte av Borregaards skogforvaltar, Heydenreich. Han køyrde oss opp til sin heim, temmeleg nær norgesgrensa. Her fekk vi god traktering og så bytta vi om til sportsutstyr før vi starta fotturen like før midnatt, ein av dei første dagane i juli. Det vart temme-

leg tunge pakningar, ca. 30-40 kg. Sjølv hadde eg m.a. eit bilbatteri, og myggen var lei. Vi gjekk heile natta, forbi Falltorpet og vestover. Eit stykke aust for Dulpetorp møtte vi Sverres medhjelpar, Anders Rauken. Han førte oss ned til eit tett skogholt, like ved eit sommarfjøs. Her låg vi til midnatt omtrent. Då kom Anders tilbake og tok oss med til Dulpetorp kapell, der vi fekk oss mat bak altertavla. Sidan pakka vi det tyngste utstyret på to sykklar, og Anders og eg sykla med det ned etter hovudvegen til Sverres heim sør for Arneberg bru. Sverre og Einar tok skogvegen til fots.

Vi vart liggjande hos Sverre frå laurdag til mandag ettermiddag. Då fekk Einar og eg båtskyss nordover Glomma, under Arneberg-brua. I eit skogholt ved vegen møtte vi Jan (Magnussøn) med bil og sjåfør frå Hamar. Så køyrde vi nord gjennom Elverum, vestover til Løten og opp til Asbjørn Imset på Imset, der Jan skaffa plass for sendaren og meg. Eg fekk



Daniel Dvergsdal ved treningshytta til kurerane på Huddinge, nord for Stockholm, våren 1944.

også helse på Fritjof Kvam (Ove Kraft Lund), som var leiar for jembancorganisasjonen. Det vart avtala ei ordning med postkasse for rapportane, men eg fann berre ein rapport der, og grunnen var at eg aldri fekk kontakt med Stockholm i den tid eg var på Imset.

På Imset skulle eg vere ekstra gardsgut, men eg skulle ikkje bu i drengestua saman med dei to faste gardsgutane. I staden vart eg inkvartert i hovudbygningen. Utan at noko vart sagt direkte, vart det skapt ei slags forestilling om at eg var student som måtte reise på landet etter studentaksjonen. Det var jo så mange av dei nett det året. Arbeidsdagen var frå klokka 6 til 18.30 med dugurdskvile og middagskvile inn i mellom, begge på ein og ein halv time.

Sendaren vart plassert i den nye potetbua, omlag 150 meter frå hovudbygningen. Asbjørn, som var litt av eit teknisk geni, hadde skaffa ei vasstett metalltønne. Der la vi sendaren og utstyret, og grov alt ned i eit hjørne. For å gardere mot detektorar køyrde han ein kraftig magnet ned i det motsette hjørnet. Når eg skulle sende, måtte eg grave opp sendaren, klatre opp under taket og strekke ut antenna der. Etterpå var det å sette alt på plass i tønna og grave den ned. Sendinga skulle gå føre seg i dugurdskvila (klokka 10), men vart mislukka. Eg forsøkte fleire dagar på rad, og det einaste eg oppnådde var å høyre ei svak kalling frå den svenske stasjonen.

Eg var også ute for eit uhell. Asbjørn ville ikkje at vi skulle låse potetbua. Det kunne vekke mistanke. Og så hende det, ein av første dagane, midt i mi sendetid, at ein nabo kom gåande rett inn saman med ein utanbygds slektning. Han skulle vise fram den fine potetbua hans Asbjørn Imset. Eg måtte berre springa fram frå kroken der eg sat for å verne best mogleg mot innsyn, men dei kunne ikkje unngå å sjå lysande lamper der inne i mørkret. Karane gjekk fort ut, eg pakka ned og varsla Asbjørn med ein gong. Han fekk tak i karane og truga med verste straff dersom dei fortalde noko. Det har eg heller ikkje høyrst at dei gjorde, men hendinga hjelpte i all fall ikkje til med å avmystifisere den nye "gardsguten" på Imset.

Det var klart at noko måtte vere gale med sendaren, og Ove Kraft Lund sende ein mann som skulle vere spesialist på radiosendarar. Eg har seinare fått vite at det var ein jernbanetelegrafist på Ådals bruk. Mannen tok sendaren med til reparasjon, og eg skulle hente den att på ein viss kveld på ein stor gard i Vang som heter Hafsal. Det skulle vere heilt trygt der. I siste minutt bad eg likevel mannen om å gi ei "sær-melding" til Imset i telefonen før eg dro til Hafsal.

Kvelden kom, alt var fredeleg i vår del av bygda, men det var ikkje komme noko telefonmelding, og eg bestemte meg for ikkje å dra. Dagen etter fekk vi høyre frå bygda at tyskarane hadde vore på Hafsal nett den dagen eg skulle dit. Dei hadde herja fælt og brørne Hafsal var arresterte. Etterpå patruljerte tyskarane gardsområdet med korte mellomrom. Eg



Kurerane Jan Magnusson, Sverre Storholt og radiooperatør Daniel Dvergsdal møttes att hausten 1989.

vart verande som gardsgut. I denne tida sende kontoret i Stockholm Einar og en realfagstudent til meg for å få sendaren i stand. Dei måtte berre dra tilbake utan å få gjort noko. Omkring midten august fekk eg bod om at sendaren hadde stått på eit hemmeleg loft på Hafsal og at Milorg-folk hadde berga den ut. Eg sykla til ein aud vegstrekning i søre del av Løten og fekk sendaren tilbake.

For å gi meg betre sendeforhold, køyrde Asbjørn meg, med traktoren sin, opp til setra si på Gitvola. Eg skulle hogge skog. I fristundene tok eg sendaren og bilbatteriet opp i åsen og klatra i tre for å få antenna så høgt og fritt som råd. Men ingen ting nytta. Asbjørn henta meg ned til Imset igjen. Nå vart det bestemt at eg skulle dra tilbake til Sverige, og Ove hadde sett i gang arbeid for å skaffe ny dekkstad for sendar.

Til Stockholm etter ny sendar

Eg vart med på ei flyktningrute saman med 4-5 unge menn som rømde frå arbeidsteneste. Ca. 15 september kom eg til Sverige som flyktning for andre gong, rett nok under falsk namn. Eg måtte følgja med gruppa heilt til Øreryd, men fekk sendt ei melding til kontoret i Stockholm, og på Yreryd stod ein befalingsmann klar med reisepengar og ordre om å dra til Stockholm med ein gong. På kontoret vart eg vel motteken, og etter at rapporteringa var ferdig, vart

det bestemt at eg skulle dra tilbake til Hamar-området straks, til ny dekkstad, med ny sendar og krystallane for andre frekvensar. Eg fekk nemlig opplyst (av Sjetne) at med dei krystallane eg hadde nytta i Løten tidlegere, var det uråd å få kontakt i det heile. Det var ei opplysning som gjorde meg både glad og uglad.

Den 29. september var eg tilbake på Hedemark. Turen, saman med Einar og Sverre, gjekk langs same rute som i juli. Frå Sverres heim sykla Einar og eg over Arnebergbrua og tok skogsvegen over Rokosjøen og opp gjennom Løten. Einar dro til sitt "faste" kvarter hos Kjell Reistad og eg til Imset for å få tak i Asbjørn og gjennom han skaffe vidare kontakt med Ove på Hamar. Men eg kunne ikkje vise meg for andre folk på garden, for dei trudde eg var reist til Sverige. Så lista eg meg inn på Imset frå skogskanten, men eg måtte ligge i skjul i fleire timar i høljan regnver før eg hørde det faste traktorsignalet frå Asbjørn og kunne gå fram. Det som då hadde hendt var at Einar hadde komme til Skøyen berre for å få vite at Kjell Reistad var arrestert like før, og han måtte berre komme seg vekk med ein gong. Han sykla då til Imset og fortalde Asbjørn om vår ekspedisjon. Asbjørn sende familien og gardsgutane til oppbyggingsmøte i kårhuset. Så fekk han meg fram frå skjulet med traktorsignalet og ringte til Hamar. Derifrå kom tre mann i bil. Eg meiner at det var Ove Kraft Lund, Kolbjørn Frankplass og sjåføren.

Vi kom omsider i haustmørkret til småbruket til Erik Høisveen, høgt oppe i Furnesåsen. Her byrjar eit nytt og meir tilfredsstillande kapittel i min rapport. Men før eg går vidare, må eg skyte inn at Gestapo kom til Imset måndag morgon, omlag ei veke etter at Einar og eg hadde vore der. Dei skulle arrestere Asbjørn og ein ung mann (meg). Heldigvis var Asbjørn alt køyrt på saga etter sagra. Han var på veg heim då ei framhaldsskulejente hadde vet til å varsle han om at tyskarane var på Imset. Asbjørn reagerte kaldt og fort. Han svinga traktoren aust over hovudvegen til Elverum, køyrde av vegen, laga nokre tydelege sagrafar austover og tok seg så nord gjennom skogen til ein gard der søster hans var gift. Der låg han i dekning til han kom med i ei flyktning-gruppe til Sverige.

Erik Høisveen og hans småbruk var eit ideelt val. Plassen låg heilt for seg sjølv i skogen. Familien var liten: Erik og kona hans, og så sonen Johannes som var på omlag min alder. Og fram om alt: Erik hadde ei privat bussrute. Han køyrde kvar morgon til Hamar og tilbake om ettermiddagen. Han laga eit lite hemmeleg rom i motorkassa og tok med rapportane til meg oppover og eventuelle meldingar frå meg nedover. Eg installerte meg i eit utsiktsrom på loftet med sendar og akkumulator, stengun med to magasin, to handgranatar og ein pistol. Mat fekk eg av fru Høisveen. Kom det besøk, banka dei to gonger i taket eller veggen. Då måtte eg vere musestille, for golvet var uisolert. Det kunne vere hardt nok dersom ein var forkjølt og måtte hoste. For å

ha en viss kontroll med grannelaget, informerte vertsfolket onkel Martin, ein heilt påliteleg mann som budde på grannbruket. Han fylgde med i alt som måtte ryktast både i hans hus og i grenda. Ingen ting kom ut.

Eg strekte opp ein lang permanent antenne bort mot granskogen og alt ved første forsøk fekk eg fast kontakt med den svenske sendaren som skulle formidle telegram frå og til meg. Sidan gjekk det som fast rutine med ei lytte-/sendetid om føremiddagen og ei om ettermiddagen. Det vart lange telegram, for den tyske Finnmarksarmeen var på retrett sør-over på det norske jernbanenettet. Det kunne gå mange ord å beskrive uniformsdistinksjonar. Ein gong fekk eg melding om at Ove Kraft Lund var nemnd i Gestapoforhøyr. Eg varsla med ein gong og Ove flykta til Sverige. Frankplass tok over som leiar av organisasjonen og kontaktmann for meg.

To-tre gonger kom Einar på besøk frå Stockholm, i samband med sine kurerurar. Alt gjekk greitt i omlag seks månader, dvs. til slutten av mars. Då frette vi at tyskarane hadde bygt opp eit svært anlegg nede ved Hamar og at det skulle vere ein radiostasjon som dei dreiv og leita etter oppover i Furnesåsen og Vangsåsen. Eg hadde ikkje lagt så mykje vekt på desse patruljene, for dei hadde vore i sving heilt sidan tyskarane slo til mot Milorg-leiren der nord i skogen seinhaustes 1944. No forstod vi at det truleg var min sendar dei leita etter, og ein dag fekk eg sjå dei på nært hald. Ein formiddag medan eg sat og telegraferte, kom ein tysk patrulje på seks mann gåande på ski tvers over jordet, knapt 100 meter nedanfor mitt vindaug. Min reaksjon var at dei venteleg gjekk med lyttetelefonar og at eg ikkje måtte stanse momentant, for då måtte dei forstå at dei var like innpå. Difor held eg fram med telegraferinga, men slutta så snart som råd. Om dette hadde nokom verknad, veit eg ikkje, men patruljen kom ikkje opp til huset og heldt fram gjennom skogen til eit nabohus. Der gjekk dei inn og spurde etter egg.

Etter dette ynskte både Heisveen og eg at stasjonen måtte flyttast. Frankplass fann ein plass hos almenningsstyrar Falk (eg trur det var rette namnet) i Romedal. Falk var Milorg-mann og sammanblanding med den organisasjonen var strengt forbode. Men nå var krigen kommen så nær slutten at både Stockholm og eg gjekk med på plasseringa. Alternativet måtte vere å stenge stasjonen, og det ville ingen. Her var eg då til kapitulasjonen. Då fekk eg med ein gong ordre om å halde stasjonen intakt. Det vart gjort, også etter at Sjetne og hans næraste medarbeidarar var komne til Hamar. Siste telegrafering gjekk føre seg like før pinse 1945.

Daniel Dvergsdal.

Jølster Røde Kors

Jølster Røde Kors sender ei helsing til alle husstandane i Jølster og takkar for god støtte. Vi har grendakontakter som gjer ein fin innsats med å selje lodd, nellikar og går med bøsser, og alt gjev eit strålende resultat. Dette gjer at Jølster Røde Kors kan vere med å støtte mange humanitære formål. Alle hugsar det gode resultatet i Jølster då vi samla inn pengar til flyktingane i Kosovo. Vi støtta ambulansen som vart sendt frå Sogn og Fjordane til Narva, der vår representant Asbjørn Knapstad følgde prosjektet heile vegen. Knapstad kom heim med ei stor takk frå Narva Røde Kors og dei 80.000 innbyggjarane i Narva. Dei var imponert over gjevargleda i vår vesle bygd. Han hadde også med seg to vesker til heimesjukepleien så dei slepp å bere utstyret i bereposar.

Jølster Røde Kors ynskjer fleire grendakontakter slik at alle heimar får besøk. Vi veit at mange blir skuffa når vi uteblir. Så meld dykk på og gjer ein innsats.

Vi ynskjer mange fleire medlemmar i laget slik at vi kan ta opp att aktivitetar som ligg nede, eks. Besøkstenesta, Ungdomens Røde Kors og Barnehjelpe.

Jølster Røde Kors ynskjer dykk alle ei god adventstid og eit godt og aktivt år 2000.


Helsing
Jølster Røde Kors

Erna Klakegg
57 72 82 50

Nina Årset Solheim
57 72 75 61



Asbjørn Knapstad, nr. 3 frå høgre saman med Narva Røde Kors.



Leiinga i Narva Røde Kors saman med ambulanseoverlegen. Tusen takk for gåva!!!!!!

Strevsam tømmerstulder

Av Magnar Juklestad

Dei som har traska i fjella mellom Sunnfjord og Nordfjord, nærmare bestemt ruta frå Gjengedalen over Blåskaret og til Årdalen vil no få noko å fundere på.


På 1700- talet blei det her frakta tømmer til husbygging i Årdalen. I liene inst i Stordalen, eit par km innanfor Storevatnet, voks kraftige furuer, rette og fine.

Til Sandnes-bua, som no står i Movi-ka, trøngst det berre ein stokk. Korleis det bar til at hogsten kom i gong, har eg prøvd å finne ut litt om.

Slik Joleik skriv i Sunnfjordsoga, så er det truleg at årdølingane med årleg avgift kjøpte seg retten til å hogge. Joleik lurar på om denne Hans Hansson var jølstring. Det var han ikkje. I Nordfjordsoga («Ålansboka») kjem det fram eit namn til-Lillienkjöld. Då er det meir rimeleg at ein Helje Gundersen som dreiv plassen Vasslia i 6 år rundt 1730 som var årdøling og fekk tinglese skøyte ved Helgheimskyrkja, då han selde til denne Hansson. Om hausten budde så årdølingane i Vasslia og hogg tømmer eit par km innanfor Storevatnet. Tømmeret blei avberkt og letna då bra fram til mars april, då dei køyrde det over Blåskaret på avronge (skare snø). Dette skaret ligg nøyaktig 900 m over havet og det er bratt opp mot Blådalen. Her tviakte dei, dvs at to hestar drog ein stokk

Her var det etter segna ein gong eit verskifte, slik at hestane braut igjennom. Segna seier at dette blei så alvorleg at dei lova å gjere slutt på heile tømmerhogsten om dei kom frå det med livet.

Ein heimelsmann i Hyen har høyrte at årdølingane måtte stoggast med rettsleg stemning- og frå denne saka var det ei ordveksling, der hoggarane bad tynt for seg og synte til gran-



112

ALBERT JOLEIK: JØLST

Nordfjord-timbr gjennom Ordalen.

Sume vârar — með «avrâng» fôrð til á kjoyre tunge lass på skaren — dá henta jølstringar husetimbr frá fureskógane i Gjengdalin, Hýin i Nordfjord, heim gjönom Ordalin.

Da var vel ei gamal semja um at jølstringar hadde lov á hogge dar.

— Da er eit kungeskjoyte dagsett i Kjöbenhavn 19. desember 1735, til Hans Hansson, på jórða 1 pund i Gjengdalin og «øde Plads Vaslien» (i Gloppen). Da er merkjelegt at dette skjøyte vart tinglese på Jølst, i 1758. Var Hans Hansson jølstring, og var da helst i hans mark, at jølstringar tok húsetimbr?

I fúten si kassebók i 1736, var alle jórðmennene i Ordalen kravde fyr kvar sine 6 skjiling i avgjifta «Contribution af Vaslien» — — Da var vel berre Ordalen som hadde fengje rett til á hogge skóg i Vassliða.

ne-skapet. «Ja litt av nokre grannar», vart det kort svara. Alt i alt så er det viktigaste her korleis dei kunne klare dette - folk og hestar.


Når ein tenkjer på kor harde straffer det var for steling i den tida så trur eg nok at alt var i orden frå starten av. Men så har det glidd ut etter som åra gjekk. Ei tid la dei også planer for eit eige sagbruk i elva som kjem frå Fagredalen og elva fekk då namnet Sagelva. Av samband mellom Stordalen og Årdalen så høyrer det med at segna fortel at to døtre av Stordalsbonden kom på ski til Helgheimskyrkja ein juledag. Ein bra skitur om dei ikkje hadde overnatta på ein av støylane. Det seier soga ingen ting om.

Kupa har i fleire år vore revystoff både i aust og vest, og det høver seg då med ei avlsutning om harde tak med sauesanking i seinare år. Dette blei høyrte sagt på julefest i Borja: «Eg for inn i Kupa vesle - kupafta og kom ikkje heim før tredje kupedag».



Sandnesbua som no står i Movika.

Blådalen, frå Blåskaret.




6. klasse ved Vassen

HAUST

Hausten er komen,
blada dei fell.
Sola den reiser.
Og fjellet er kvitt


Linn Merethe Kvammen.



I SKOGEN

I skogen er det mange tre
og eit av dei blei hogd ned
Og blei til ved.

Tore Heggheim



SNØ

Det er snø ute og
dogg på vår rute.
Himmelen er blå,
med små skydottar på.

Iselin M Eikås



ER EG MODIG?

Eg som er så liten og redd?
Eg som er redd for mørket?
Eg som er redd for min eigen skygge?
Eg som er redd for mine eigne fotspor?
Er eg modig?

May-Jeanett T Hagenes

JØLSTER

Ein liten plass i Noregs land,
er Jølster så trygg og god.
Tenk så heldige vi er,
som her kan få bu.

Åse-Iren Løset



JUL OG NYTTÅR

Jula er ei fin høgtid.
Då får vi pakkar og masse god mat.
Nyttår er gøy for då skyt vi opp rakettar.

Frank Tore F Tveit.



HJORT

Pappa gjekk på hjortejakt,
han skulle skyte, det hadde
han sakt.
Ein kronhjort så stor og fin,
men så skaut han ingen ting

Tommy Berg Aalhus



SNØEN KOMMER!

Det er vinter.
Snøen dalar ned.
Den legg seg som eit
kvitt teppe over allt.

Veronica Hermansen

TAL DIKT!

En vart så pen,
To måtte ro,
Tre klatra i tre,
Fire såg graset spire,
Fem laga krem,
Og seks likte kjeks.

Rannveig Solheimsnes



HAUSTEN

Hausten susar gjennom trea.
Bles ein stille sang om kulde og frost.
Då tenkjer vi at vinteren kjem snart,
tar med seg sola og kjem med mørke dagar.

Olin Steinsvik



Barneside

Vassrett

1. Etternamn i Jølster
6. Plante
7. Farge
9. Ikkje vaken
12. Leikar
13. Ausa
14. Pronomen
15. Morene
16. Gutenamn
18. Gate
19. Fart
21. Vekse
22. 10 km
23. Ikkje løgn

Loddrett

1. Grend i Jølster
2. Før jul
3. Kroppsdel
4. Karakter
5. Gjev ut Jølst-
8. Fred
10. Gutenamn
11. Mineral
15. Nedbør
17. Elvemunning
18. Om
20. Bakke

1.		2.	3.		4.		5.
		6.			7.	8.	
9.	10.			11.		12.	
13.							
14.						15.	
		16.	17.		18.		
19.	20.		21.				
22.				23.			



Spennande og allsidig
barneblad to gonger
i månaden for berre
242 kroner i året!

**Norsk
Barneblad**

Pilestredet 8, 0180 Oslo
Telefon 22 42 52 80

.....

Hugs julehefta Smørbukk og Tuss og Troll til jul!

Jostein Sunde A/S

**Autorisert
maskinentreprenør**

**graving • sprenging
transport
singel • grus og pukk**

**6843 SKEI I JØLSTER
Tlf. 57 72 83 32
Mobil 95 75 96 94**

*Stor Astrupkalender 2000
kr. 218,-*

*Hjarteleg
velkommen
til
handel
i julestova.*



AUDHILD VIKENS VEVSTOVE

Skei tlf. 57 72 81 25 • Førde tlf. 57 82 00 84
Julehuset Bryggen – Bergen tlf. 55 21 51 00

**FOTO - VIDEO - UR
OPTIKK - GULL
SØLV - MUSIKK**

ALF HELGHEIM & CO AS

6841 SKEI I JØLSTER TLF. 57 72 83 11 • FAX. 57 72 83 29

FOTO - VIDEO - UR - OPTIKK - GULL - SØLV - MUSIKK

S-MARKED

VASSENDEN – Tlf. 57 72 72 00

Velkommen til triveleg handel

OPNINGSTIDER:

Måndag-onsdag 9–17 • Torsdag-fredag 9–19
Laurdag 9–15

Medlemsinformasjon • Kjøpeutbytte 3%
ON LINE

UNN DEG EIN
PAUSE

PÅ SKEI SERVICENTER

STOR KIOSK
(bl.a. ferske brød)



VEGKRO

Ope frå kl. : 07.30 (09.00) (10.00)



HYTTEUTLEIGE



**OMSTIGNINGSPASS
BUSS**



**OPPSTILLINGSPASS
BUBILAR**



STELLEROM



**BILVASK
MASKINVASK - SJØLVVASK**

**SKEI
SERVICENTER**

BENSINSTASJON • VEGKRO • HYTTEUTLEIGE

6841 SKEI • TLF. 57 72 82 34 • FAX 57 72 67 33

LETT Å FINNE - LETT Å STOPPE!

Esso

DENNE
KUPONGEN
GIR DEG

**1/2
PRIS**

PÅ
I DAGEN'S
MIDDAG
HOS

SKEI
SERVICENTER

Snikkarverkstad til teneste.

Vi laga nytt eller resleie det gamle,
både hus og møblar.
Visst det ikkje er ubotelæ.
Kan hende du blir forsuppa over ka vi får te.
Vi hjelpe deg gjerne, da æ no førtrælæ
å gå jærandslause!

JØLSTER BYGG AS
6843 VASSENDEN I JØLSTER • TLF. 57 72 74 15 • FAX 57 72 74 22

ENTREPRENØR

**Ivar A.
Sunde a/s**



6847 Vassenden

Telefon 57 72 72 96 • Mobil 94 55 27 72

Utfører alt innan tre og betong



Eikås Frisør

EVA ÅRSET • IRENE EIKÅS
6847 VASSENDEN

Opningstider etter behov.
Timebestilling
TELEFON 57 72 75 88



*Godt utval i
brød og kaker*

LEFI BAKERIDRIFT AS
SOGNDALSBAKERIET AS
LEFI BAKST AS



6843 Vassenden Telefon 57 72 64 20 Fax 57 72 64 21

**HEGHEIM ØVREBØ
VEVSTOVE**

Ålhus, 6847 Vassenden
Tlf. 57 72 67 05

ÅKLE – LØPARAR – PUTER M.M.
TEPPE ETTER MØNSTER AV
NIKOLAI ASTRUP



Modell: FRIGG

*Gammeldagse dørhengsler,
handtak og feste, klinker, lås.
Fleire modellar*



John Svidal

6847 VASSENDEN • TLF. 57 72 75 55 • KL. 8-10/20-22



Jølster Samyrkelag

Avd. 001 – Skei i Jølster – telefon 57 72 83 77
Avd. 002 – Stardalen – telefon 57 72 89 29
Avd. 003 – Årdal – telefon 57 72 66 44

Jølster Bil A.S



Boks 85, 6841 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 68 90
Fax: 57 72 70 77

Opningstider

tysdag
9-16
onsdag
9-18
torsdag
9-16
fredag
9-16
laurdag
9-13
(annakvar)



m/solarium

6841 Skei
Tlf. 57 72 85 55

*Kom innom for ein kopp kaffi
og ein -bårprat-*

Unngå stress og dårleg tid



**NettBanken
er alltid
open!**

Kvardagen er travel for dei fleste. Difor blir NettBank eit viktig tillegg til bankkontora våre. Prøv og avgjer etterpå om dette er noko for deg?

www.fylkesbanken.sf.no

 **sparebanken**
sogn og fjordane

VELKOMEN TIL JØLSTRAHOLMEN

SPAR JØLSTRAHOLMEN

TLF. 57 72 71 78
Lange opningstider 8-21 (laur/sønd. 9-21)
Godt utval og låge Spar prisar.

STATOIL SERVICE JØLSTRAHOLMEN

TLF. 57 72 71 35
Hugs – hos Statoil får du poeng på alle varer.
Ope 8-21 alle kvardagar (laur/sønd. 9-21)

SERVICEVERKSTAD

TLF. 57 72 71 35
Spør oss om tilbod på oljeskift og dekk.
Distriktets beste prisar på dekk?

VASKEHALL

Sjølvaskeanlegg
– skånsom mot bilen.
kr. 20,- pr. polett.



Vi ynskjer dykk alle ei god jul og eit godt nytt år!

VASSENDEN SKYSSTASJON

– drosje –

6847 Vassenden
Tlf. 57 72 71 92 • Mobil 94 56 71 60

KRAMBUA SIGURD KLAKEG

6841 Skei tlf. 57 72 81 22



årdalsbakke ELEKTRO AS

STERIKSTRAUM • SVAKSTRAUM • TELEINSTALLASJON

6841 Skei • Tlf. 57 72 81 35 • Mobil 94 74 19 41

FAX 57 72 85 95



Rør og rørartiklar
Sanitæreanlegg og utstyr
Varmeanlegg med ved, flis og olje
Pumpeanlegg
Kjøkkeninnreiing
Baderomsmøblar

JØLSTER RØR AS

Aut. rørleggarmeister
TROND AARDALSBAKKE
POSTBOKS 80 • 6841 SKEI I JØLSTER
TLF. 57 72 83 50 • MOBIL 95 98 78 20



SKEI Hotel

Sentralt i fylket og landsdelen

Meir enn 100 år i reiselivet si teneste

Vår tradisjonsrike familieverksemd følgjer med i tida og er i dag eit moderne og komfortabelt hotell med 210 senger fordelt på 106 rom med bad/dusj/WC/tlf. 3 hotellrom tilpassa rørslehemma (rullestol). 6 rom for allergikarar.

Her er store salongareal og matsal med plass for inntil 300 personar. Dans til levande musikk, bar, folkedansframføring/ folkemusikk kvar veke i sommarsesongen.

13 større og mindre, vel utstyrte møte- og kurslokale. Plenumsal med plass for inntil 250 personar. ISDN samband til møteromma.

Flott symjehall med 33 grader heile året. Aktivitets-rom, badstu, boblebad, tyrkisk dampbad og solarium, leikerom og skytebane.

Sommarsesong mai–september. Elles ope heile året for kurs, møte, konferansar og alle slags arrangement.

Vi ynskjer velkommen til eit hyggeleg opphald!

Familien Skrede



6841 SKEI I JØLSTER
TLF. 57 72 81 01 FAX 57 72 84 23



Såvarer Kraftfor Kunstgjødsel Landbruksmaskiner Verkstad



VALMET

TA KONTAKT MED
BONDEN SIN EIGEN FORRETNING



Felleskjøpet Vestlandet

Bergen 55 94 32 00 • Skei 57 72 63 00
Førde 57 72 18 40 • Sogndal 57 67 77 90
Florø 57 75 42 00



JØLSTER FOLKEBIBLIOTEK

OPNINGSTIDER SKEI:

Mandag.....10-15
Torsdag.....15-19
Fredag12-17

OPNINGSTIDER VASSENDEN:

Mandag.....17-19
Onsdag17-20
Fredag11-14

VELKOMMEN INNOM

Stardalen Sommarkafè

– heimelaga og rimeleg mat –

Julemiddag 19. desember
Ope frå kl. 12 - 17

Vi lagar også julekaker på bestilling.
Tinging før 15. desember

Vel møtt!

Jølst
ynskjer alle som bur
i bygda
ei god jul og
eit godt nytt år !

Kr. 40,-